

# 2 MASTEROPPGÅVE

Emnekode: MUS5015

Namn: Siri Godø Wiik

---

**Korleis Opplev seks Erfarne Korpsdirigenter Borns Evne til Fokus og Konsentrasjon i Musikalske Samspelssituasjoner i lys av Digitale Samfunnsstrukturelle Endringar?**

**How Does six Experienced Band Conductors Experience Children's Ability to Focus and Concentrate in Musical Interactions in regard to Digital Societal Structural Changes?**

---

Dato: 22.05.23

Sider totalt: 53

## **Om forfattere**

Eg heiter Siri Godø Wiik, og er utdanna ved Griegakademiet i Bergen, kor eg studerte utøvande saxofon, kammermusikk, og Praktisk pedagogisk utdanning. Eg har lang erfaring som dirigent, utøvande musikal, kulturskulelærer, og som pedagog i ungdomsskule. Med utgangspunkt i egne erfaringar som pedagog og utøvar, har eg lenge vore nysgjerrig på korleis den digitale kvardagen påverkar evna vår til å halde fokus og konsentrasjon i aktivitetar som krev uthald. Eg har valt å ha fokus på skulekorps i denne avhandlinga, og har forska på korleis dagens erfarne skulekorpsdirigentar opplev borns evne til fokus og konsentrasjon i samspelssituasjonen, sett i lys av dei samfunnsstrukturelle endringane som samfunnet har vore gjennom dei siste 5-10 åra.

## **Abstract**

This master's thesis examines how practiced school band conductors experience young people's concentration abilities during group rehearsals. Using qualitative methodology, six seasoned school band conductors are interviewed individually. The interviewed conductors are based in different regions in Norway, and all have more than 20 years' experience conducting Norwegian school bands. In this paper they share their experiences regarding the effects of digital changes in society in young people's ability to focus and concentrate during group rehearsals. Further, the conductors share how they themselves experience and adapt to digital changes and how their own profession is affected. Lastly, I investigate whether activities like (group) music rehearsals can "compete" with activities offering far quicker releases of dopamine such as gaming and social media.

I identify several shared themes, experiences and reflections across the examinees and their everyday work situations, of which the most common are subjected to further analysis. A key finding is that all conductors have identified in the school band members' ability to concentrate, and possible reasons for this change is discussed in detail. Other key findings include reduced ability to focus and concentrate due to digital distractions, increased drop-out rates, and a possible reduced sense of companionship within school bands. Lastly, owing to the reduced ability to focus, the conductors note decreased ability to rehearse both individually and in groups or band settings. The thesis examines possible reasons for the changes the conductors see, and how they are addressed when working with school band members.

Keywords: School band, school band conductor, focus, concentration, stayer ability, dopamine

## **Samandrag**

Denne masteroppgåva undersøker korleis erfarne skulekorpsdirigentar opplev dagens born og unge si konsentrasjonsevne i samspelssituasjoner. Oppgåva er bygd på ei kvalitativ undersøking, kor seks erfarne skulekorpsdirigentar har blitt intervjuet gjennom individuelle samtalar. Dirigentane arbeider ulike stader i landet, men har til felles at dei har minimum tjue års erfaring i yrket, og at dei alle dirigerer norske skulekorps. Eg har gjennom intervjuet fått høyre historia til dirigentane, og om korleis dei opplev at dei digitale endringane påverkar konsentrasjonsnivået til born og unge i samspelssituasjoner. Eg har fått høyre om korleis dirigentane sjølve opplev og tilpassar seg dei digitale endringane som samfunnet vårt har vore gjennom på kort tid, og korleis dei opplev at dette påverkar yrket deira. Eg stiller også spørsmål ved korleis aktivitetar som øving og samspel kan konkurrere mot gaming og sosiale media som gir oss raskare tilgang til signalstoffet dopamin.

I analysa fann eg fleire interessante tema og fellestrekk, og eg såg raskt at dirigentane hadde gjort seg mange av dei same tankane og erfaringane frå arbeidskvardagen sin. Det vart gjort fleire interessante funn, og dei temane som klart utpeika seg tok eg vidare til drøftinga. Eit av funna er at samtlege av dirigentane ser ei klar endring i evne til konsentrasjon og fokus hos sine musikantar. Vidare har eg diskutert kva som kan vere grunnane til denne endringa. Elles var funn som utpeika seg at dirigentane opplev svekka evne til fokus og konsentrasjon som følge av digital utvikling og påverknad, at det er aukande fråfall i skulekorpsa, og at fleire truleg opplev manglande gruppekjensle i korpset sitt. Det siste funnet er at dirigentane opplev ei svekka evne til øving og eigenøving som følge av nedsatt evne til fokus og konsentrasjon, blant sine musikantar. Eg undersøker også kva som kan vere grunnane til endringa dirigentane opplev, og korleis dei møter desse endringane i møte med musikantane sine.

Nøkkelord: Skulekorps, skulekorpsdirigent, fokus, konsentrasjon, stayerevne, dopamin

## **Forord**

Å skrive denne masteravhandlinga har vore ei spanande og utfordrande tid med bratt læringskurve for meg. I starten verka alt overveldande og uoversiktleg, men heldigvis har eg lenge hatt tankar og interesse rundt emnet, noko som gjorde at sjølve intervju og prosessen har vore særst lærerik og spanande. Eg har lært utruleg mykje på vegen, og fått enda sterkare interesser rundt emnet under og etter prosessen.

Eg ønsker å rette ei stor takk til veileder Ola Buan Øien. Hjelp og råd frå deg har vore heilt avgjerande for å forstå prosessen, samle alle trådane som tidvis tok fleire retningar, og i det heile tatt konkretisere det heile. Tusen takk!

Eg vil også takke familien min som har trådd stille rundt i huset for å gi meg den nødvendige roa. Takk til min betre halvdel som har støtta og motivert, og tatt seg av hus og heim, og til mine to born som gleder seg stort til at mamma skal bli ferdig.

Medstudentane mine i Levanger fortener også ei stor takk. Mange gode samtalar, humor, og godt samhald har gjort studieoppholda kjekke og lærerike! Og ikkje minst, takk til dei seks dyktige dirigentane som stilte opp til intervju og delte sine verdfulle tankar og erfaringar med meg. Utan dykk ville ikkje dette prosjektet ha vore det same.

Tusen takk!

Fjell, mai 2023

Siri Godø Wiik

## **Innholdsliste**

Om forfattere.....	i
Abstract.....	ii
Samandrag.....	iii
Forord.....	iv
Innholdsliste .....	v-vi

<b>1.0: Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Min bakgrunn .....	1
1.2 Mi forforståing .....	1
1.3 Omgrepsavklaring .....	5
1.3.1 Skulekorps og skulekorpsdirigenten .....	5
1.3.2 Stayerevne .....	6
1.3.3 Fokus.....	6
1.3.4 Konsentrasjon .....	6
1.3.5 Dopamin .....	7
1.3.6 Elektronisk .....	7
1.4 Teori og nyare forskning .....	7
1.4.1 Teori .....	7
1.4.2 Nyare forskning .....	10
1.5 Forskingsspørsmål .....	13
1.6 Avgrensing .....	13
<b>2.0: Metode .....</b>	<b>14</b>
2.1 Fenomenologi .....	14
2.2 Kvalitativ metode .....	14
2.3 Methodenivå .....	14
2.4 Tematisk analyse .....	16
2.4.1 Steg 1: Lytting og transkribering .....	17
2.4.2 Steg 2: Mønster .....	17
2.4.3 Steg 3: Meiningsstetting .....	18
2.4.4 Steg 4:Tema som utpeika seg.....	18
2.4.5 Steg 5: Skrivning.....	19

<b>3.0: Funn .....</b>	<b>19</b>
3.1 Svekkede evner til fokus og konsentrasjon som følge av digital teknologisk utvikling.....	19
3.2 Aukende fråfall i korps.....	21
3.3 Manglende gruppekjenning.....	23
3.4 Svekkede evner til øving/eigenøving som nedsatt evner til fokus og konsentrasjon, jmf.punkt.1..	24
<b>4.0: Diskusjon.....</b>	<b>25</b>
4.1 Svekkede evner til fokus og konsentrasjon som følge av digital teknologisk utvikling .....	25
4.2 Aukende fråfall i korps .....	26
4.3 Manglende gruppekjenning .....	28
4.4 Svekkede evner til øving/eigenøving som nedsatt evner til fokus og konsentrasjon, jmf.punkt.1..	31
<b>5.0: Oppsummering og etiske refleksjonar .....</b>	<b>38</b>
 <b>Litteraturliste.....</b>	<b>42</b>
 <b>Vedlegg:</b>	
Vedlegg A: Intervjuguide .....	44
Vedlegg B: Informasjonsskriv samtykke .....	45

## **1.0: Innleiing**

I innleiinga gjer eg rede for min bakgrunn (1.1), mi forforståing for emnet (1.2), begrepsavklaring (1.3), teori og nyare forskning (1.4), forskingsspørsmål (1.5), og avgrensing (1.6)

### ***1.1 Min bakgrunn***

Gjennom heile livet mitt har korps hatt ein sentral plass. Eg er vaksen opp i ein familie med lange korpstradisjoner, kor både far, farfar og oldefar var aktive korpsmusikantar i alle sine år. Bygda eg kjem frå har sterke og unike musikktradisjoner, og med utspring frå nettopp korpset har det grodd fram mange profesjonelle musikarar. Eg kan her nemne blant anna The Brazz Brothers, Ytre Suløens Jazzensemble, Nils Petter Molvær, Jan Hovden, Terje Nymark, Siril Malmedal Hauge, Stig Molvær, Hild Sofie Tafjord, Lena Nymark, samt fleire andre som i dag har musikken som sitt levebrød. Det denne gjengen formidla av speleglede og samhald på tvers av alder, kjønn og generasjonar, gjorde at eg tidleg vart interessert i musikk, og ønska å lære og spele eit instrument. Musikkinteressa mi vaks stadig, og samspelsglede og samhaldet eg opplevde gjennom korpsmiljøet førte til at eg som student valte å ta utøvande utdanning på mitt instrument. Gjennom studietida og i åra etterpå var eg fast medlem i eit av landets elitekorps, og eg har også vikariert mykje som musikar i profesjonelt militærkorps. Ved sidan av dette har eg heile tida vore aktiv dirigent og instruktør for skule og amatørkorps, og den siste tida også vore styremedlem i skulekorpset til mine eigne born. Eg er i tillegg jamnleg dommar for Norges musikkorps forbund sine regionale og nasjonale korpskonkurransar rundt om i heile landet. Eg tør difor påstå at eg har erfaring med korps på så og seie alle nivå, og har fått mykje verdfull erfaring både som skulekorpsmusikant, musikant i elitekorps, gjennom profesjonelt korps, som dirigent på skule- og amatørkorpsnivå, og frå styrearbeid.

### ***1.2 Mi forforståing***

Eg har dei seinare åra reflektert mykje rundt dette med korps, og kvifor eg har ei oppleving av at det er ein viktig arena på så mange område. Ei av retningane er sjølv musikkutøvinga, og kor utviklande det er for hjerna vår å spele eit instrument og utøve musikk. Dette vil eg kome tilbake til litt seinare i avhandlinga. Ein annan ting er det sosiale, samhaldet og den meistringa mange opplev i samspel med andre. Korpsa har ingen reservebenk, alle får vere med, uansett nivå, og anten ein øver lite/ingenting, eller mange timar dagleg. Generasjonar spelar saman, og sjølv om skulekorpsa har ei klar aldersbegrensing, er det ikkje uvanleg at amatørkorpsa har eit aldersspenn frå 14 - 85 år. Sjølv opplevde eg å spele i korps samtidig som både min far og



farfar, og samhold og meistring på tvers av generasjonar veit eg mange av dagens amatørkorps kan vise til. Eg har sjølv også kjent på at det å spele aktivt, og vere i ein konsentrert setting gjer noko med meg. Til vanleg er eg alltid tilgjengeleg på telefon, Facebook, eller epost, mens når eg er på ei øving, anten som musikanter eller dirigent, vel eg å legge telefonen igjen i instrumentkassa på bakrommet. Dette aktive valet, som sjølv sagt både er av respekt for dirigent og dei andre musikanter, fører til at eg er meir til stade og konsentrert i det eg held på med der og då. Diverre opplev eg at det stadig blir vanskelegare å ta eit aktivt val om at telefonen ikkje alltid skal vere med, samtidig som at å ha telefonen i nærleiken er noko eg opplev som forstyrrende og svekkande for evna mi til å halde fokus. Når ein spelar i korps er man ein del av ei større gruppe, og saman som gruppe ønsker ein å få best mogeleg resultat, anten korpset øver til konsert, marsjering eller konkurranse. Noko av det eg synes er interessant og fasinerande med skulekorps, er at dei finns så og seie alle stader rundt om i landet vårt, og dei finns i mange ulike former og fasongar. Dei største by-korpsa kan gjerne vere fullt utbygde janitsjarkorps med full besetning, inkludert mindre vanlege instrument som obo og fagott. Kjem ein lenger ut på bygda er gjerne korpsa mindre, og besetninga varierer stort. Ofte kan ein sjå at foreldre må hjelpe til som medmusikantar, og at mange av musikantane sit aleine på sine stemmer eller instrumentgrupper. Som dirigent må ein vite kva korps ein møter og tilpasse seg deretter når det gjeld metodikk, repertoarval og forventningar. Mange av korpsa i regionen kor eg bur, har eit skyhøgt nivå, og både skulekorpsa og dei etablerte amatørkorpsa tronar heilt i noregstoppen. Det seier seg sjølv at for å nå eit slikt nivå må det mykje konsentrert og godt arbeid til, ei solid besetning, gode instrument, dyktige og dedikerte dirigentar og instruktørar, samt eit høgt fungerande styre som veit kva som må til for å legge til rette for at det musikalske og sosiale arbeidet skal fungere. Det å bli god til noko krev tidsvis med øving, dedikasjon, fokus og konsentrasjon, noko desse korpsa har skjont og lagt til rette for. Men, no er det ikkje suksesshistoria til desse korpsa eg legg til grunn for dette forskingsprosjektet, men korleis dagens skulekorpsdirigentar opplev borns evne til fokus og konsentrasjon i samspelssituasjonen. Dagens born og unge er digitalt tilgjengeleg og pålogga store deler av døgnet, og eg lurar på kva følger dette får, både som individ og sosialt, og korleis den digitale tilgangen påverkar fokus og konsentrasjonsevna i situasjonar som krev at ein er mentalt til stade, slik som nettopp ein samspelssituasjon krev.

Det blir for tida forska mykje på born og unges skjermbruk, til dømes tilknytt spel (gaming), sosiale media og i skulen. På Facebook er der ei eiga side som heiter "Opprop for mindre skjermbruk på barneskolen" som per i dag har omlag 17 000 medlemmar. På denne sida kan ein finne mange spanande artiklar og innlegg som omhandlar skjermbruk og nettbrett, og

ein kan sjå eit tydeleg engasjement rundt emnet. Mange av innlegga er ikkje kritikk om bruk av nettbrett i skulen, men at ein generelt saknar meir forskning på konsekvensane av langvarig bruk av skjerm både i skulen og på fritida. I ei av dei aller nyaste pressemeldingane frå Regjeringa (2023), kan ein lese at regjeringa vil vite meir om konsekvensane av borns skjermbruk. Statsminister Jonas Gahr Støre skriv her at vi treng meir kunnskap om konsekvensane av skjermbruk, og kva det gjer med læring, merksemd og ferdigheiter. Den nye teknologien gir moglegheiter, men også utfordringar. Eit nytt utval vil bli satt ned for å sjå på korleis dette påverkar konsentrasjonen, søvnvanane, læringa og den psykiske helsa, seier Jonas Gahr Støre (Regjeringa, 2023). Samtidig kan ein i boka *Musikk og Hjernen* (Brean & Skeie, 2021) lese om alle dei positive konsekvensane det å utøve musikk kan ha for hjerna vår. Det er liten tvil om at vi er, og har vore, gjennom ei stor samfunnsstrukturell endring, og då tenker eg at det er meir viktig enn nokon gong å vere bevisste på korleis møte denne endringa, samtidig som at det er viktig at vi held på dei aktivitetane som er eit alternativ til det digitale. Politikar Kjell Inge Ropstad har lagt fram eit representantforslag om mindre og meir ordna former for skjermtid i skulen, som snart skal opp i Stortinget. Grunnen til at ein snakkar om barneskuleelevar i denne samanhengen er fordi ein kan finne forskargrupper som viser til at dess yngre eit born er, dess større kan konsekvensane kring læringa bli om ein nyttar skjermen for tidleg. Dette gjeld blant anna lesing, kor grunnleggande tekniske ferdigheiter som vokabulartrening og leseflyt, skal øvast inn. Og det er nettopp desse sidene ved lesinga som er viktigast på dei yngste klassetrinna (Nickelsen, 2021)

Born og unge i dag har mange val når det kjem til kva aktivitet dei ønsker å halde på med, samtidig som det digitale “krev” at dei er på og tilgjengeleg så og seie døgnet rundt. Eg har i tillegg til den utøvande erfaringa, og fleire år som pedagog i ungdomsskule bak meg, og har dei siste åra erfart at stadig fleire ungdommar ikkje har fritidsinteresser, eller interesser i det store og heile. Eg opplev at mange ikkje har noko å gå til på fritida, eller har noko dei brenn for. Samtidig opplev eg at evna til å halde fokus og konsentrasjon over tid har blitt dårlegare, både når det gjeld meg sjølv, egne born, og ikkje minst hos elevar og skulekorpsmusikantar. Evna til å gå inn i noko som vil krevje uthald og stayerevne, og klare å halde seg der ei stund, er utfordrande. Eg opplev at mange gir fort opp med ein gong dei møter litt motgang, og blir fort distraherert av ytre påverknader. Eg stiller då vidare spørsmål om det berre er ytre påverknadar som gjer dette utfordrande, eller om også det med indre og ytre motivasjon for aktiviteten kan ha ein påverknad. Ein kan nemleg lese at dersom eleven innehar den indre motivasjonen for det ein driv med, vil ein gjerne føretrekkjer utfordrande oppgåver, er

nysgjerrige på å lære noko nytt, og vil gjerne arbeide og meistre oppgåvene på ein sjølvstendig måte (Diseth, 2020)

Ved sidan av musikkfaget, har eg også utdanning innan naturvitskap, og særleg biologi og nervesystemet er noko som har fanga interessa mi. Korleis hjerna vår er utvikla, og stadig er i utvikling, korleis den styrer alt det fysiske og motoriske, og korleis vi kan trene opp konsentrasjonsevna vår, er tema eg synes er interessante, og som også er ein av bakgrunnane til retninga eg har valt å ta i dette forskingsprosjektet.

Eg har sjølv stått mykje på for at eigne born skal få musikkopplæring og spele i korps. Ikkje berre for å lære eit instrument og vere ein del av samhaldet og det sosiale, men også fordi eg veit kor bra det er for hjerna vår å utøve musikk. Eg har lest mykje om nettopp dette, og blitt meir bevisst på kva musikk og annan kunst kan påverke positivt i ein kvardag kor det meste er prega av det digitale. Eg tenker også at djupnelæringa, terpinga, uthaldet og treninga av konsentrasjon ein får gjennom musikk og samspel, er noko ein kan ta med seg vidare i livet, og ikkje minst overføre til andre fag og til skularbeidet generelt. Meistringskjensla, dopaminnivået, og gleda eg har opplevd gjennom musikken har vore heilt unik for meg, og er noko eg ønsker at fleire skal få oppleve, særleg dagens born og unge. Men, for å få ei slik oppleving må ein jobbe hardt, ein må stå i det, møte motgang, tole venting, terping, og godta at ting ikkje er like spanande heile tida. I det digitale samfunnet treng ein ikkje nødvendigvis å gå gjennom alt dette for å oppleve ei form for belønning. Belønninga (dopaminet) ein kan oppleve gjennom gaming og sosiale media kan i mange tilfelle ligge lett tilgjengeleg utan å krevje for mykje for oss. Korleis skal då born og unge sjå verdien av aktivitetar som krev noko meir av oss? Sjølv er eg redd for at evna vår til uthald og evna vår til fokus og konsentrasjon på sikt vil bli svekka, og er redd for at dette på sikt vil påverke evna vår til læring og til å stå i det som skal til for å nå eit mål som ligg lengre der framme. Eg har ved fleire anledningar erfart at telefon og pc ikkje kan vere til stade når eg skal øve, og at dersom ein eller begge av desse er med blir konsentrasjonen min betydeleg dårlegare. Telefonen ringer, meldingslyden plinger, og når eg først er inne på telefonen kan eg like godt sjekke epost, Instagram og Facebook. Eg vil tru mange kjenner igjen desse tidstyvane. Fokuset mitt blir heilt klart dårlegare når eg blir avbroten av dei digitale verktøya med jamne mellomrom. I boka *Skjermhjernen* (Hansen, 2020) kan vi lese at hjerna har ei omkoplingstid, og at den heng igjen i det vi nettopp gjorde. På forskarspråket kallast dette *attention residue*. Ein kan ikkje vise til nøyaktig kor lang denne omkoplingstida er, men det er gjort forsøk som antydgar at det tar fleire minutt før hjerna kan fokusere hundre prosent på ei oppgåve etter å ha skifta fokus. Eg opplev ofte både i øvingssituasjonar, i møtesamanheng og liknande situasjonar, at både eg og andre avbryt oss

sjølve ved å sjekke epost eller meldingar, og lurar på kor mykje verdfull konsentrasjon vi mistar i løpet av denne omkoplinga. Med utgangspunkt i eigne opplevingar ønska eg å finne meir ut av korleis dette med distraksjon og konstant digital tilgang påverkar dagens unge, og har valt å halde fokusområdet mitt på skulekorps og samspelssituasjonen.

### ***1.3 Omgrepsavklaring***

Som nemnt over har eg i denne avhandlinga valt å halde fokuset mitt på born og unge i skulekorps, og har plukka ut dei omgrepa eg tenker er mest relevante i denne samanhengen, og som vil få ei nærmare avklaring under. Omgrepa eg har plukka ut er skulekorps og skulekorpsdirigenten, stayerevne, fokus, konsentrasjon, dopamin, og elektronisk.

#### ***1.3.1 Skulekorps og skulekorpsdirigenten***

Skulekorpsa i Noreg har anten janitsjar, eller brassbandbesetning. I brassband er besetninga messinginstrument og slagverk, mens janitsjarkorpsa har også med treblås i tillegg. Skulekorps er ein tradisjonell fritidsaktivitet, kor ein gjerne startar som aspirant i 8-9 års alderen, og kan gå ut det året ein fyller 19 år. I dei fleste skulekorpsa er musikanten aspirant i 1-2 år, før ein går over til juniorkorpset. I juniorkorpset spelar ein gjerne i 1 år før ein så går vidare over til hovudkorpset. Kor lenge ein er aspirant og junior varierer noko frå korps til korps avhengig av ressursar, besetning, økonomi, og ulike rammefaktorar som øvingslokale, tilgang til faglært dirigent, nivå og antal medlemmar. I dei største korpsa er musikantane gjerne aspirant og juniorar i heile fire år før dei startar i hovudkorpset, dette både på grunn av eit stort antal medlemmar, men også fordi det er ofte er eit så høgt musikalsk nivå at musikantane treng desse åra på seg for å bli klare til å spele i hovudkorpset. I mindre skulekorps har ein gjerne behov for at medlemmane kjem inn i hovudkorpset så fort som mogeleg, kanskje allereie etter 1-2 år som aspirant og junior. Ved sidan av den vekentlege fellesøvinga, tilbyr mange skulekorps også enkeltundervisning med instruktør ved sidan av. Fleire stader er instruktørane engasjerte direkte av skulekorpset, medan andre stader har korpsa eit tett samarbeid med den lokale kulturskulen. Dagens skulekorps har undervisning og aktivitetar som følg skuleruta, i tillegg til 2 til 4 øvingshelger i året, samt at dei spelar konserter, og deltek på konkurransar, marsjering og festivalar.

Skulekorpsdirigenten har det overordna kunstariske ansvaret i organisasjonen. Det er ei stor rolle å fylle, og ein god dirigent må halde seg oppdatert på repertoar, planlegge øvingar, seminar, og både korte og langsiktige mål for korpset. Skulekorpsdirigenten er gjerne løna direkte av korpset, eller gjennom kulturskulen. I tillegg skal dirigenten samhandle med styret,

som består av frivillige foreldre på dugnad. Dirigenten skal motivere, engasjere, undervise, og sørge for at alle musikantane får passe mengde utfordringar. I eit hovudkorps som gjerne har forholdsvis ferske musikantar i tiårsalderen, til dei meir erfarne 19-åringar, er det ofte både tidkrevjande og utfordrande å legge til rette repertoar og nok utfordringar til alle. Ein skal passe på at dei aller ferskaste klarar å henge med, samtidig som at dei eldste får såpass med utfordringar at dei også finn motivasjon til å spele med dei yngre musikantane. Ein dyktig skulekorpsdirigent klarar å balansere dette på ein god og konstruktiv måte. Men kanskje viktigast av alt, så er dirigenten ein rollemodell med god og solid musikalsk og pedagogisk kompetanse. Dirigenten er også ein viktig miljøskapar i skulekorpset, og limet som bind musikantane og styret saman.

### ***1.3.2 Stayerevne***

Vi nyttar gjerne ordet stayerevne, altså ha evna til å vere uthaldande og målbevisst. I denne avhandlinga har eg nytta ordet stayerevner i samanheng med terping, eigenøving og samspel. Eg tenker at det å inneha denne ferdigheita er heilt vesentleg for å oppnå gode resultat, og for å kunne oppleve meistring. Oppleving av meistring vil igjen vere nødvendig for å halde på interessa og motivasjonen for det ein driv med, som i dette tilfellet er samspel i skulekorps. Når eg nyttar uttrykket oppnå gode resultat, meiner eg med det at ein når det målet ein har satt seg, uavhengig av nivå eller aktivitet.

### ***1.3.3 Fokus***

Fokus betyr midtpunkt eller sentrum (Nordbø, 2020) Går ein til fysikken snakkar ein gjerne om fokus som eit punkt som blikket er retta mot. I yoga kan ein gjerne snakke om å trene mentalt på å halde fokuset, då det å halde fokus og konsentrasjon er noko ein bevisst kan trene opp. I ein øvingssituasjon og samspelsamanheng handlar fokus gjerne om å vere konsentrert rundt oppgåva si, utan å bli påverka eller uroa av det som er rundt. At ein er heilt fokusert på det som er i sentrum, anten det er eit notebilete, ei skalaøving, intonasjon, eller noko spesifikt som skal på plass. Evna til å halde fokus kan bli påverka av blant anna stress, søvnmangel og psykisk helse.

### ***1.3.4 Konsentrasjon***

Konsentrasjon er å vere oppteken av og samle sansar og tankar om utføringa av ei oppgåve (Svartdal, 2020) Med den digitale påverknaden vi har rundt oss til ei kvar tid, kjenner eg sjølv at det er meir krevjande å halde konsentrasjon om ei enkelt oppgåve over tid. Å øve, spele

konsert, eller utøve musikk krev konsentrasjon over tid. Konsentrasjonen blir påverka av ting rundt oss, og kan bli svekka av blant anna søvnmangel, kjensletilstanden vår, psykiske lidelsar, eller merksemdforstyrningar. Merksemdforstyrningar satt i samanheng med konsentrasjon, er noko eg ser på som ekstra relevant i denne avhandlinga.

### ***1.3.5 Dopamin***

Dopamin er eit signalstoff som stimulerer belønningssenteret i hjerna vår. Høgt dopaminnivå gir økt kjensle av glede og velvære, og er knyta til kjensler som behag og tilfredsheit. Rusmidlar er blant anna noko som frigjer dopamin hos menneska. Nokre studiar har vist at blant anna å lytte til musikk kan vere ein faktor som aukar lystområda i hjernen, som det er rike med dopaminer. Akkurat dette med musikk og lystområda tenker eg er relevant inn mot det å utøve musikk i samspel med andre. Dopamin blir også gjerne kalla lykkehormonet. Sjølv om det vil vere ulikt frå person til person kva som gir oss kjensla av høgt dopaminnivå, vil det likevel vere noko dei fleste av oss aktivt søker.

### ***1.3.6 Elektronisk***

I teksten har eg nytta uttrykk som e-handel, e-underhaldning, e-læring. E er i denne teksten ei forkorting for elektronisk. Til dømes kan e-læring forklarast som elektronisk læring via internett. E-underhaldning kan til dømes vere å lytte til musikk, podcast, sjå på Youtube, Netflix, game, og anna liknande underhaldning frå internett.

## ***1.4 Teori og nyare forskning***

I denne delen ønsker eg å orientere meg om teorigrunnlaget som denne studien baserer seg på. Inspirert av blant anna bøkene *Musikk og Hjernen* (Brean & Skeie, 2021), *Skjermhjernen* (Hansen, 2020), *Hjernen er stjernen* (Nordengen, 2017), og *Stolen Focus* (Hari, 2022) ønsker eg å finne ut om skulekorpsdirigenten opplev ei endring i evna til fokus og konsentrasjon hos born og unge, og korleis dette eventuelt påverkar dei unge musikantane i ein øve og samspelssituasjon. Eg ønsker også å høyre korleis skulekorpsdirigenten tar omsyn til dei digitale endringane i samhandling med skulekorpsmusikantane og undervisninga si.

### ***1.4.1 Teori***

Vi lev i eit samfunn som er prega av e-handel, e-underhaldning, e-kommunikasjon, e-læring, e-kultur, e-helse, og vi må få kunnskap om korleis vi skal handtere denne komplekse kvardagen. Denne kunnskapen er heilt nødvendig for å kunne forstå samfunnet rundt oss, og for å kunne førebu born og unge på ikkje berre framtidens samfunn, men også dagens samfunn. Det viser

seg også at fleire opplev den digitale undervisninga som positiv for læringa, då den i mange tilfelle gir større rom for meir tilpassing til den enkelte elevens nivå. Samfunnet vårt er prega av glidande overgangar mellom informasjon, nyheiter, læring/lekser, spel og underhaldning, og i avisene og på nettet kan ein stadig lese lesarinnlegg og artiklar som omhandlar dette med skjermbruk i skulen og på fritida. Det blir ropa varsku, og fleire fagfolk, foreldre og lærarar stiller spørsmål om korleis dette påverkar læringa, motivasjonen, det sosiale spelet, samt den fysiske og psykiske helsa. I læreplanane, overordna del, står det mykje fint om djupnelæring (Utdanningsdirektoratet, 2020) noko som kan overførast til eksempel det å spele eit instrument, som nettopp er ei form for djupnelæring. Evna til å øve mot eit langsiktig mål der framme, evna til å sette seg inn i noko krevjande, og evna til å stå i det sjølv om kanskje ikkje belønninga blir oppnådd med det same. Eg tenker at det er viktig å vere bevisste på korleis den digitale kvardagen påverkar oss, ikkje berre i skuleverket, men også på andre ferdigheiter som øving og samspel. Eg ønsker å bidra til at det blir større forståing og fokus på kva det å utøve musikk faktisk gjer med hjerna vår, korleis musikk og samspel påverkar oss både sosialt og ved læring, og korleis ein eigenskap som øving kan haldast ved like når vi har dei påverknadane vi har utanfrå. Korleis gjere eigenøving og samspel interessant nok i ei verd kor tilboda står i kø, og desse tilboda krev gjerne mindre av oss enn det som skal til for å bli flink til å spele eit instrument.

Hansen (2020) viser blant anna til at vi oppheld oss mindre enn fire sekund på nærmare ein femtedel av alle nettsider, og at berre fire prosent av nettsidene bruker vi meir enn ti minutt på. Når ein skal lære å spele eit instrument kan ein ikkje berre sveipe vidare til neste side når notebiletet gir utfordringar. Dette får meg til å lure på korleis langvarig skjermbruk, både i undervisningssamanheng i skulen, og i lekse- og øvingssituasjonar heime, vil påverke borns evne til å kunne halde fokus og konsentrasjon over tid. Dersom vi ikkje klarar å utsetje belønninga, orkar vi ikkje å lære oss ting det tar tid å bli god på. Og det å lære eit instrument treng nettopp akkurat det, nemleg tid. (eige arbeid) Då eg les nyare forskning om kva som faktisk skjer i hjerna når ein utøver musikk, og legg til eigne erfaringar både som utøvar og pedagog vil eg bidra til at vi ser med kritisk blick på dei samfunnsstrukturelle endringane som skjer, og har skjedd dei siste åra, og korleis vi skal forstå og forholde oss til dei endringane som skjer, på godt og vondt. I samlinga “Musikkfilosofiske tekster” viser Varkøy (2015) blant anna til at i seinare tid har musikkpedagogen, forskaren og terapeuten Even Ruud (1996) satt søkelyset på musikkens identitetsskapande funksjoner og helsebringande moglegheiter. Han viser blant anna til at musikkundervisning med vekt på inkluderande fellesskap, improvisasjon, og samspel kan

ha eit potensial for helsebringande effektar, og samtidig skape tilhøyr og personleg identitet (Varkøy, 2015)

Hjerneforskar og spesialist i nevrologi Kaja Nordengen tar i boka *Hjernen er stjernen* (Nordengen, 2017) blant anna for seg hjernas oppbygging, personlegdom, hukommelse, læring, intelligens, og multitasking. I kapitelet om læring skriv ho at læring handlar om å tileigne seg kunnskap, medan hukommelse handlar om å lagre kunnskapen. Ho skriv også at hukommelse er essensielt for læringa, fordi ein må lagre og hente fram informasjonen ein lærer. Når ein lærer komplekse ting, som for eksempel køyre bil, eller spele eit instrument, er ein avhengig av at det ein lærer lagrar seg i hukommelsen. Nokre ting lagrar seg med det same, mens andre ting må gjentakast i det uendelege. Når ein skal lære noko praktisk, som eksempel lære å sykle eller svømme, vil det ikkje hjelpe å lese teori eller bli forklart korleis ein skal gjere det. Det einaste som vil hjelpe er å øve og øve. Kaja Nordengen kallar dette for motorisk hukommelse, men det kallast også ofte implisitt hukommelse (Nordengen, 2017).

Nordengen skriv at i følge mange hjerneforskarar er lagringskapasiteten til hjerna så og seie ubegrensa. Vi lev i eit samfunn kor alt skal effektiviserast, og vi skal vere aktivt til stade på alle plan i livet. Ordet multitasking går ofte igjen, multitasking er moderne. Store Norske Leksikon definerer multitasking som å utføre fleire merksamdkrevjande oppgåver eller ferdigheiter samtidig (Svartdal, 2021). Nordengen skriv at ingen klarar å gjere to ting samtidig, for hjerna kan berre fokusere på ein ting om gongen. Hjerna er ute av stand til å gjere to liknande ting samtidig, fordi oppgåvene konkurrerer om dei same nervecellenettverka (Nordengen, 2017, s.129). Kvardagen vår blir faktisk meir effektiv ved å gjere ein ting om gongen, i staden for samtidig. Dersom vi skal kunne klare å lære noko nytt, er hjerna nødt til å danne langtidsminne. Den delen av hjerna som kallast frontallappen, har blant anna den funksjonen at den skal hjelpe oss med å motstå freistningar, bremse impulser og utsetje belønning. Ei belønning i dette tilfellet kan for eksempel vere å få fleire følgjarar på sosiale media, “likes” på instagram, få kommentarar på ditt nyaste bilete/innlegg, eller runde eit spel. Higen etter denne belønninga, eller dette dopaminet, er høgast i tenåra, og sidan frontallappen ikkje er ferdig moden før i 25-30 års alderen, kan digital teknologi bli uimotståeleg for born og unge. (Brean & Skeie, 2021)

Hjerna forandrar seg heile livet, og aller mest i dei første leveåra våre. Alt vi lærer, heile livet, fører til endringar i hjerna. Menneskehjerna består av rundt 80 000 nerveceller. For å kunne utføre funksjoner arbeider desse nevronane i nettverk, noko som gjer at dei ulike delane av hjerna kan samarbeide. Sjølv om ein tidlegare trudde at hjerna ikkje lagar nye hjerneceller, viser nyare forskning at det likevel skjer i blant anna hippocampus. Hippocampus er viktig for læring og hukommelse, og for vår evne til livslang læring og hjerneendring.



Hjerner cellene kommuniserer med kvarandre, og desse bindingane kallar vi synapser.

Kommunikasjonen desse i mellom gjer det mogeleg å fungere som ein heilheit. Stimulerande omgivnader gir fleire bindingar mellom hjerner cellene, så born som veks opp i stimulerande omgivnader har større fordelar i den prosessen det er å bygge opp ei fungerande vaksnehjerne (Brean & Skeie, 2021).

Dei tidlegaste musikkinstrumenta dukka opp for 40-50 000 år sidan, omtrent samtidig som hulemaleria og liknande kunstuttrykk. Musikken har følgt oss sidan, og har ein heilt særskilt funksjon i å uttrykke kjensler, og skape samhald med andre individ. Dei grunnleggjande funksjonane til musikken ligg djupt i genane og i biologien vår, og innebygd i hjerna vår. (Brean & Skeie, 2021, s.24)

Faktisk kjenner vi ikke til en eneste menneskelig kultur som ikke har utviklet musikk. Musikk er en grunnleggende menneskelig aktivitet. De eldste musikkinstrumentene vi kjenner til, er omtrent 40 000 år gamle, altså på alder med tidlige hulemalerier. Men allerede for 100-200 000 tusen år siden skal Homo Sapiens - mest sannsynlig - ha klart å lage enkle instrumenter som trommer og fløyter, og dessuten spille sammen i grupper. Mange forskere tror at dette kan ha bidratt til sosial tilhørighet, kommunikasjon og samarbeid (Brean & Skeie, 2021, s.8).

Musikk er åpenbart i stand til å aktivere hjernens sine belønningssystemer. Og som en mulig følge av dette har den en unik evne til å endre hjernen vår. Den finnes nemlig få, om noen, menneskelige aktiviteter som i like stor grad som musikkutøvelse kan få hjernen til å forandre seg. (Brean & Skeie, 2021, s. 9)

### ***1.4.2 Nyare forskning***

Når det gjeld nyare forskning som er gjort har det vore utfordrande å finne noko som går direkte inn mot skulekorps, og mi problemstilling. Eg ønsker her å vise til Susanne Vindal si masteravhandling, kor ho skriv at det er oppsiktsvekkande og overraskande at det ikkje finns meir forskning på høgare nivå med skulekorps som tema. Det eksisterer dessverre ingen forskingsprosjekt på doktorgradsnivå eller høgare, som omhandlar skulekorps. Dette finn eg sær overraskande, då Norges Musikkorps forbund er den største kulturfrivillige organisasjonen i Noreg, med om lag 60 000 medlemmar. På masternivå kan ein finne eit tosifra antal som omhandlar fenomenet skulekorps (Vindal, 2020). Sjølv fann eg ingen doktorgradsavhandlingar som inneheldt søkeordet skulekorps frå norske utdanningsinstitusjonar, men fleire masteroppgåver med relevant innhald eg kan knytte inn mot mi eiga avhandling. Dei samla fokusorda mine ga få treff i søkemotorar som både Oria, Eric og Google Scholar. Eg måtte difor søke breiare, og fann fleire treff som går på born, læring og konsentrasjon, men ofte då i retning

grunnskule eller psykologi. Skulekorps som fritidsaktivitet er fyrst og fremst eit norsk fenomen, så det har også hatt ein klar påverknad på søka mine.

I følgje Fors (2014) er korps i Noreg unikt i verdssamanheng, både når det gjeld storleik og måten dei er organisert på. Korpsa er nemleg ikkje ein del av det tradisjonelle utdanningstilbodet, men ein del av det frivillige kulturlivet i landet. Både i Japan og i USA er korps ein del av skulens undervisningstilbod med daglege øvingar og moglegheit for ytterlegare fordjuping. (Fors, 2014)

Som ein del av skulesystemet vil det difor ha andre forutsetningar enn når skulekorpsa er ein fritidsaktivitet driven av foreldre på dugnad. I Noreg er dette ein fritidsaktivitet, noko som påverkar både nivå, antal musikantar, tilgang til profesjonelle lærekrefter, tidspunkt på døgnet, landsdel og økonomi. Når eg nemner landsdel, veit eg at det kan vere stor forskjell på tilgangen til profesjonelle/faglærde lærekrefter om ein bur langt ute i distrikta, enn i dei større byane. Dei større byane har gjerne både profesjonelle orkester og militærkorps, samt utdanningsinstitusjonar kor ein kan hente dirigentar, instruktørar og andre lærekrefter til det frivillige musikklivet frå. Dette kan gjerne bli meir utfordrande i distrikta. I Noreg øver dei aller fleste skulekorpsa ein til to gonger i veka på kveldstid, og det er også noko eg tenker er relevant i forhold til fokus og konsentrasjon i samspelssituasjonen, kontra dei landa som har korps med samspel på dagtid. Økonomi er også eit viktig punkt som påverkar søkefeltet mitt. Korps som er ein del av ein utdanningsinstitusjon vil ha lærekrefter og utstyr tilgjengeleg på ein annan måte enn skulekorps som er driven av foreldre på dugnad. Kapasiteten, erfaringa og kunnskapen til foreldregruppa er heilt klart viktige faktorar for økonomien, og for den generelle forståinga for korleis drive eit skulekorps. Desse faktorane vil også vere i endring ut i frå kven som er i foreldregruppa. Eg legg difor desse grunnane til grunn for at det er søk frå norske utdanningsinstitusjonar som er mest relevant i dette prosjektet, og har funne aktuell forskning på tema som kan knytast opp mot forskingsarbeidet mitt, kor eg har henta informasjon og kjelder eg tenker er relevant. Val av tema og problemstilling har også ført til at det er forskning frå dei siste 5-7 åra som er interessant, då det heildigitale samfunnet kan seiast å vere forholdsvis nytt. Fleire av forskingsoppgåvene eg har funne er eldre enn dette, og vi difor ikkje ha relevans på det som går direkte på mine forskingsspørsmål, men eg har likevel plukka ut det er tenker er mest relevant.

Bårdsen (2017) har gjennom sitt masterprosjekt undersøkt den norske skulekorpskulturen gjennom den pågåande suksessen til det prislønte skulekorpset Tertnes Skoles Musikkorps. Formålet med hennar studie var å trekke kunnskap frå kva leiing, kommunikasjon og samspel som har vore faktorar for suksessen til korpset. Tertnes Skules

Musikkorps er ein særdeles velorganisert organisasjon, og Bårdsen skriv at sjølv om nokre av funna hennar er forutsigbare og veletablerte “sanningar” knytt til ein velfungerande organisasjon, har skriv at ho også gjort andre overraskande funn, blant anna kor viktig dirigentens rolle som leiar faktisk er. Den vektlagte problemstillinga i Bårdsen si avhandling er *Hvilke typer læringsstrategier og relasjonar kan du finne i et prisbelønt norsk skolekorps?*

Furnes (2022) si masteroppgåve har tittelen *Hvordan påvirker spillifisering av musikk lærerstudenters motivasjon for formelle øving på instrument?* Her kan ein lese at å beherske eit instrument godt er ein viktig del av ein musikk lærers kompetanse, og at å lære seg dette krev formell øving over tid, som ikkje alle nødvendige motiver for. Eit av dei viktigste funna han har gjort er at gamification kan føre til bevisstgjerjing, altså oppleving av progresjon og positiv bruk av tid, noko som igjen fører til motivasjon. Han nemner informativ belønning som ein grunn til dette.

Egge (2018) har i si masteroppgåve tittelen *Strategisk læring i musikk. «Øving er noe... jeg burde gjort»*. En kvalitativ studie av musikkelevens forhold til egen øving. Egge ser på elevens forhold til, og tankar om, eigen strategisk øving på instrument. Ho stiller gjennom si forskning elever på VG3-musikklinja spørsmål om eigen øving, konsentrasjon, planlegging, motivasjon og mål. Øvehjelp frå elevane sin instrumentallærer har også stått sentralt i samtale med sine informantar om strategisk læring og eigenøving på sitt hovudinstrument. Gjennom avhandlinga si har Egge blitt meir merksam på kor lett det er å seie at “dette må du øve på heime”, utan å forklare korleis øvingsarbeidet skal foregå. Samt at det å øve godt og effektivt ikkje er ein innebygd ferdigheit, men noko som må lærast.

Popadic (2014) har i sitt masterprosjekt forska på kva skulekorpsmusikantane sjølv legg mest vekt på når dei skal vurdere kvaliteten i skulekorpset sitt, samt korleis den oppfatta kvaliteten i korpset påverkar musikantane til å spele i korps, og til å fortsette med å spele i korps. Han har tatt utgangspunkt i 8 korps i tidlegare Telemark fylke. Popadic forska kvantitativt, og i undersøkingane indikerer at tillit og respons frå dirigent, samt korpsets repertoar har størst forklaringskraft på musikantane si tilfredsheit med å spele i korpset, og at dette var den komponenten som i størst grad påverkar born til å fortsette med å spele i korps. Tittelen på hans prosjekt er *Oppfattet kvalitet i skolekorps i Telemark*.

Bachmann (2020) har gjennom masterprosjektet *Å finne en balanse*, hatt fokus på å studere foreldremedverkinga i begynneropplæringa i skulekorps, og korleis foreldra held seg til motivasjon, meistringstru og øving. I tillegg har ho hatt fokus på korleis skulekorpsdirigenten og foreldre saman kan samarbeide om den musikalske læringa i heimen. Funna ho har gjort viser at foreldre synes det er viktig å støtte opp om bornas øving heime, men at dei ikkje ynskjer

å presse. Dei er generelt opptatt av at det skal vere lystbetont og gøy, og at det skal kunne føre til ein livslang hobby for borna. Ho konkluderer med at foreldra ynskjer å finne ein balanse i si motivering.

Bredesen (2016) har på sitt masterprosjekt tittelen *Et vellykket skulekorps? Ulike aktørers forståelse av det gode korps*. I denne avhandlinga undersøker ho ulike meiningar, haldningar, tankar, erfaringar og oppfatningar av kva som gjer eit skulekorps vellukka. Ho ønsker å løfte fram sentrale perspektiv på kva informantane meiner gjer at eit skulekorps blir vellukka, og ikkje finne ei “oppskrift” på kva som er vellukka.

Fors (2014) har skrivt ei masteroppgåve med tittelen *Jeg skal aldri slutte!* En undersøkelse av prosjektet Ungdom og medbestemmelse, mestring og motivasjon – et nasjonalt samarbeidsprosjekt mellom Norges Musikkorps forbund og Norsk kulturskoleråd. I denne oppgåva er ho på jakt etter suksessfaktorar. Kven held fram i korps, og kva tiltak verker? Ho skriv om forventningar mellom skulekorpsmusikantane og dei vaksne, og at det må vere opne kommunikasjonslinjer, for da får ein ein aktivitet som fremjar kreativitet og trivsel.

### ***1.5 Forskingsspørsmål***

Med utgangspunkt i personleg erfaring, det musikkfaglege, aktuell litteratur, og tidlegare forskning, ender eg opp med følgande forskingsspørsmål: “Korleis opplev dagens skulekorpsdirigentar borns evne til fokus og konsentrasjon i samspel med andre?”

### ***1.6 Avgrensing***

Denne avhandlinga har som mål å undersøke korleis skulekorpsdirigenten opplev fokus - og konsentrasjonsnivået til dagens born og unge. Det utelukker alle andre musikalske aktiviteter og organisasjonar som kor, amatørkorps, kulturskule og musikkundervising i grunnskulen. Sjølv om det også hadde vore interessant å undersøke korleis dagens lærarar og kulturskulelærarar opplev dette i grunnskulen og kulturskulen, har eg valt å gjere ei avgrensing til norske skulekorps, og korleis erfarne skulekorpsdirigentar opplev konsentrasjonsnivået til dagens unge musikantar sett i lys av den digitale påverknaden. Det har også vore viktig for meg at denne undersøkinga har eit musikkperspektiv, då øving og samspel er aktivitetar som krev stayerevne, fokus og konsentrasjon over tid. Dette i eit samfunn kor informasjonsflyten er enorm, og alt går veldig fort.

## **2.0: Metode**

I dette kapitlet vil eg gjere rede for masteravhandlinga sine forskingsmetoder.

### ***2.1 Fenomenologi***

Eg har tatt utgangspunkt i fenomenologisk tilnærming i forskinga mi. Den tyske filosofen Martin Heidegger (1889-1976) vart rekna som grunnleggar av fenomenologien. Fenomenologi er kvalitative studiar av fenomen og korleis dei framstår for oss frå eit fyrste persons perspektiv (Sander, 2022). Filosofen Husserl meinte at verda kan beskrivast gjennom menneska si medvit, medan eleven hans Heidegger, meinte at fenomenologien først og fremst var eit metodeomgrep, og at den har som mål å finne ut korleis ting kan vere, og ikkje kva ting er (Sander, 2022). Fenomenologien prøvar å gi ein nøktern refleksjon rundt menneska sin eksistens. Målet er ikkje å beskriva verkelegheita så mykje som mogeleg, men heller søke ei mening i dei sosiale fenomen (Sander, 2022)

### ***2.2 Kvalitativ metode***

I forskingsarbeid skil ein mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Kvantitative metoder handlar først og fremst gjennom å telje – som namnet seier, medan kvalitative metodar må finne essensielle drag som skal hjelpe oss til å forstå menneska generelt eller i ein bestemt situasjon Krogtoft og Sjøvoll (2018, s.251) I dette forskingsprosjektet har eg valt kvalitativ metode. Eg kunne nok også ha forska kvantitativ, laga spørjeskjema og funne konkrete tal, men for min del ville det ha mista litt av essensen i det eg er ute etter. Gjennom kvalitativ forskning og intervju fann eg mykje av det eg søkte; dei gode samtalanene, høyre erfaringane til deltakarane, samt sette det heile i samanheng med eigen erfaring og nyare forskning på området. Tal og statistikk synleggjer gjerne det heile meir konkret, men eg ser på dette som eit tema som har mange innfallsvinklar og tenker at vi kjem lengre med å snakke saman og dele erfaringar frå dei som kjenner dette på kroppen kvar einaste dag/veke, vil fortelje meir enn statistikk. Kvar dirigent arbeider på sin unike måte, og kvart korps har sine øverutiner og forventningar til musikantane sine. For meg har det vore meir interessant å høyre deira erfaring frå felten.

### ***2.3 Methodenivå***

Ved bruk av fenomenologisk tilnærming har eg intervjuet seks erfarne skulekorpsdirigentar for å høyre om deira opplevingar av dagens born og unge, og korleis dei har måtte brukt eigen kunnskap og si lange erfaring på å tilpasse undervisninga si til dagens situasjon. Filosofisk sett vil eg seie at med filosofen Husserl sitt utgangspunkt har eg reflektert rundt korleis både

dirigentane og eg opplev at dei samfunnsstrukturelle endringane faktisk påverkar oss. Med utgangspunkt i Heidegger har eg fått høyre om korleis den enkelte dirigenten opplev samfunnet og arbeidskvardagen sin i møte med born i samspelssituasjoner.

Med erfaren har eg lagt til grunn at dirigentane skal ha minimum tjue års erfaring frå “felten”. Samtlege har dirigert skulekorps, eller regionskorps bestående av skulekorpsmusikantar, i over tjue år samanhengande. Med dette legg eg ikkje til grunn at dei har dirigert det same skulekorpset heile tida, men at dei har jobba kontinuerleg som dirigent for denne aldersgruppa. Eg har lagt erfaring som eit viktig utgangspunkt for oppgåva mi, nettopp for å kunne høyre om dei har sett ei utvikling over tid. Intervjukandidatane mine har alle blitt stilt dei same spørsmåla, og er nøye utvalde kandidatar. For å unngå at alle er frå ein og same by/landsdel, eller same miljø, har eg også lagt til grunne at dei utvalde dirigentane har sin daglege arbeidsstad ulike stader i Noreg. Viser her til kapitelet om teori og nyare forskning, kor eg har forklart korleis det å bu nær ein by, eller i distrikta, kan påverke tilgang til instruktørar og andre lærekrefter rundt skulekorpsa. Intervjukandidatane mine er dirigentar busett på Austlandet, Vestlandet og Nordvestlandet. På denne måten kan eg finne ut om erfaringane dei har gjort seg ikkje nødvendigvis er avhengig av miljø og landsdel, men om det er ei meir generell utvikling.

Vi veit at skulekorpsmiljøet står ekstra sterkt i Hordaland, kor mange (nesten alle) av dei mest suksessrike skulekorpsa i landet er samla innanfor eit svært avgrensa geografisk område (Bårdsen, 2017)

Dirigentmiljøet kan heller ikkje seiast å vere stort i dette landet, så også av den grunn var det eit poeng at eg valte dirigentar frå ulike landsdelar til mitt prosjekt. Dirigentane eg har valt ut er først og fremst dirigentar for skulekorps, og blant dei utvalde finn vi alt frå aspirantnivå (nybyrjarar), juniorar (spelt i 1-3 år), og hovudkorps på ulike nivå og divisjonar, samt regionskorps. Regionskorps er eit tilbod for skulekorpsmusikantar som ønsker og treng ekstra utfordringar. Tilbodet er for ungdom i alderen 14-19 år, og har samlingar nokre helger i halvåret. Ungdommane må gjennom eit prøvespel for å bli godkjent som medlem i regionskorpsa. Dei utvalde dirigentane har også brei erfaring med å jobbe i kulturskule, vaksenkorps, grunnskule, vidaregåande skule, og i tillegg er fleire av dei dyktige utøvande musikantar med erfaring frå elitekorps og det profesjonelle musikklivet. Desse dirigentane er valt ut grunna erfaringa si som skulekorpsdirigentar, men også fordi dei opplev kulturlivet frå fleire ulike sider. Gjennom eigen dirigering (som hovudutgangspunkt), som utøvande musikantar, og også i fleire av tilfella som foreldre/føresatte til eigne born i skulekorps, har dei samla sett eit svært godt utgangspunkt for å kunne seie noko om trendane og utviklinga dei har

erfart gjennom dette yrket. Det at dei alle dirigerer skulekorps, men på ulike nivå og alderstrinn, gjer at eg synes det heile blir meir spanande og relevant for mine spørsmål. Tre av intervjuva vart gjennomført ved fysisk møte og opptak. Dei tre andre intervjuva vart, grunna store avstandar, gjennomført via Teams og opptak. Begge metodane fungerte meget godt.

Med undersøkinga min ønsker eg å bidra til at vi generelt ser med kritiske blikk på den kjappe utviklinga samfunnet har hatt, og også korleis vi på ein betre måte kan balansere dette. Eg tenker at undersøkinga kan rettast mot både skulesystemet, foreldregenerasjonen og gamingverda, for alt heng saman. Då dette er eit stort emne som kan ta mange ulike retningar, har eg valt å avgrense fokuset til norske skulekorps og norske skulekorpsdirigentar. Eg er også av den oppfatning at evna til uthald er dalande, og vil på eit tidspunkt prege evna til djupnelæring (eks. spele eit instrument). Eg har ikkje konkrete tal på dette, men tenker at det er noko som bør forskast vidare på, særleg no som eksempel skuleverket er heildigitalt og informasjonsflyten er særst høg til ei kvar tid. I det teoretiske perspektivet har eg tatt utgangspunkt i nyare litteratur og forskning. Litteratur og forskning av nyare dato har vore relevant med tanke på at eg har vore på jakt etter informasjon om ein kan sjå ei endring. Forsking som først og fremst går på barns evne til å halde fokus og konsentrasjon, men eg har også tatt utgangspunkt i forskning som seier noko om kva som skjer i hjerna når ein utøver musikk, og kva endringar som må til for at det skal foregå ei form for læring. I tillegg til den forskinga som er gjort om kva den digitale tilgangen og sosiale media gjer med oss både psykisk og sosialt. Sett i lys av at eg ønsker å fokusere forskinga mi inn mot musikkutøving, samspel og skulekorps, har også dette hatt mykje å seie for kva val eg har tatt angående litteratur. Eg har så langt som råd vore på jakt etter litteratur som også inneheld musikkutøving. Musikkutøving, fokus, konsentrasjon, og digital påverknad er store og avanserte emne, men etter samtalanene eg hadde med intervjudeltakarane mine, var det fleire og smalare tema som utpeika seg og fekk eit naturleg fokus vidare.

#### ***2.4 Tematisk analyse***

Eg har valt tematisk analyse for forskingsprosjektet mitt. Gjennom tematisk analyse kan ein analysere mellom anna hendingar, erfaringar, eller meiningsproduksjon. Dette kan settast i klar kontekst til det eg er ute etter i dette prosjektet, nemleg høyre erfaringane og meiningane til mine intervjukandidatar. Det er heller ikkje ein analysemetode som er bestemt til eit særskilt rammeverk, noko som eg synes gir meg den friheita eg ønsker å ha i dette arbeidet.

I artikkelen *Bruke tematisk analyse i psykologi* kan ein lese at tematisk analyse er ein dårleg avgrensa, men likevel mykje brukt kvalitativ analytisk metode innan psykologi. (Braun

& Clarke, 2008) Braun & Clarke definerer også tematisk analyse som *the process of identifying patterns or themes within qualitative data*. (Braun & Clarke, 2006)

Med utgangspunkt i Helga Eggebø si oppskrift på tematisk analyse, gjorde eg eit forsøk på å følge dei seks stega som ho viser til i artikkelen *Tematisk analyse - metodeartikkelen som løyser alt* (Eggebø, 2021) Mi analyse vart forkorta noko, så med litt justeringer enda eg opp med fem tydelege steg, men heile vegen med Eggebø si “oppskrift” som utgangspunkt.

#### **2.4.1 Steg 1: Lytting og transkribering**

I steg 1 gjorde eg meg kjent med datamaterialet mitt. Eg lytta til intervjuopptaka og transkriberte ordrett det som vart formidla. Det at eg måtte høyre gjennom intervjuet fleire gonger gjorde at eg fekk godt kjennskap til materialet undervegs. Eg hadde lagt opp til eit semistrukturert intervju, så sjølv om eg stilte dei same sju spørsmåla til alle informantane mine, tok dei likevel ulike vendingar på fleire av spørsmåla. Eg følgde opp med tilleggsspørsmål, og lot dei prate så fritt som mogeleg innanfor temaet. Dette førte til at eg måtte gå nøye gjennom datamaterialet mitt etterpå. Eg såg raskt at det var fleire like meiningar og mønster i svarea deira. På eit av spørsmåla eg stilte: “Merker du ei endring i barns evne til fokus og konsentrasjon?”, fekk eg eit samstemt “JA” frå alle informantane mine. Samtlege såg ei endring, men under oppfølgingsspørsmåla fekk eg derimot ulike tankar om kva dei tenkte kunne vere grunnen til denne endringa. Tidleg i intervjuet såg eg ein tendens til at dirigentane hadde gjort seg mange av dei same erfaringane, men samtidig hadde ulike tilnærmingar og erfaringar å legge til grunn for tankane sine. Eg fann antydningar til mønster og laga stikkord for å gjere resten av prosessen klarare.

#### **2.4.2 Steg 2: Mønster**

I steg to startar prosessen med å identifisere mønster i transkripsjonen. Eg printa ut alle arka på papir, og laga fargekodar på dei orda, setningane og meiningane som gjekk igjen. Denne prosessen var forvirrande og utfordrande, men å ha materialet fysisk på papir gjorde at eg fekk større oversikt. Eg tok utgangspunkt i dei aspekta eg såg på som ekstra relevante for oppgåva mi, og mønsteret som utspelte seg i denne omgangen var at intervjukandidatane mine i fleire tilfelle svara omlag det same, men at dei hadde ulike tilnærmingar til svarea sine. I tillegg starta eg ganske kjapt å sjå ord, uttrykk og meiningar som gjekk igjen. Ord og uttrykk som ukonsentrasjon, dårleg fokus, “sveipe-generasjonen”, mangel på meistringsfølelse, negativt påverka av gaming, vanskeleg for å gjere same aktivitet over tid (eks.øving), “eg - tankegang”,



i staden for “vi-tankegang” gjekk igjen, og gjorde at eg kunne få fargekodar som satte ting i system.

Intervjukandidatane mine hadde mange tankar kring temaet eg tok opp, og viste stor evne til refleksjon kring eigen undervisning og erfaring. Samtidig la eg merke til at fleire av dei stadig nemnte kor viktig foreldra er oppi dette med å drive eit skulekorps og motivere til eigenøving og samspel, og at for å kunne drive med musikk, samspel og eigenøving i ung alder, er ein avhengig av støttande foreldre som oppfordrar og legg til rette for musikantane sine.

### **2.4.3 Steg 3: *Meiningstetting***

I steg 3 laga eg ei meiningstetting. Meiningstetting medfører ei forkorting av intervjupersonane sine uttalingar til kortare formuleringar (Kvåle & Brinkmann, 2021, s.232) Meiningstettinga hjalp meg å sette ting i system, og mønstra vart tydeleg klarare. Eg noterte spørsmåla mine i eigen kolonne, og stikkord av funn i neste kolonne. På denne måten luka eg ut dei meiningane som var like, og dei som var ulike, og såg etter tema i dei ulike retningane. I denne delen slo eg saman dei temane som var i nærleiken av kvarandre, eksempel øving og eigenøving. Samtidig fekk eg luka ut dei retningane eg tenkte var mindre relevant for prosjektet mitt. Etterkvart som dei ulike temane vart tydelegare, gjekk eg grundig til verks med å finne ut i kva retning eg ville styre prosjektet mitt. I følgje Kvåle og Brinkmann (2021) er implikasjonar for intervjuet at for ein fenomenologisk meiningstetting er det særst viktig at ein får rikholdige og nyanserte skildringar av fenomena som skal undersøkast i intervjupersonane sitt daglegspråk (Kvåle & Brinkmann, 2021, s.233).

Mine stikkord og fokusområde var frå start av skulekorps, skulekorpsdirigenten, fokus, konsentrasjon, stayerevne og dopamin. Eg la merke til at eg ut i frå datamaterialet mitt kunne ta ei retning mot rekruttering og skulekorps som lukkast i stor grad på dei fleste nivå, men her fann eg fleire andre masterstudentar som for få år sidan hadde gjort grundig forskning på dette, og som er så oppdatert at den er like relevant i dag. Eg har likevel tatt med noko av den forskinga som er gjort på dette inn mot eitt av mine egne funn.

### **2.4.4 Steg 4: *Tema som utpeika seg***

I fjerde steg gjorde eg ei kritisk vurdering av materialet eg stod igjen med etter meiningstettinga, og jobba med å definere klare og tydelege namn som passa inn med heilheita, forskingsspørsmålet, og den overordna tanken for prosjektet mitt. Det peika seg ut fleire tema som passa inn, som eg ønska å ta utgangspunkt i, og som eg følte eg kunne forsvare i henhold til implikasjonane for intervjuet og meiningstettinga. Av dei funna eg gjorde valte eg å ta

utgangspunkt i fire tema som eg tenkte kunne vere relevant i forhold til forskingsspørsmålet mitt. Dei fire funna som utpeika seg, og som eg ønska å ta utgangspunkt i var:

1. Svekka evne til fokus og konsentrasjon som følge av digital utvikling og påverknad
2. Aukande fråfall i skulekorps
3. Manglande gruppekjensle (meistring og samspel)
4. Svekka evne til øving/eigenøving som følge av nedsatt evne til fokus og konsentrasjon (jmf.punkt 1)

#### ***2.4.5 Steg 5: Skrivning***

Eg opplevde ein stor lettelse då eg hadde gjort analysearbeidet, og fått oversikt over materiellet mitt. For fyrste gong klarte eg å sjå ein struktur, og kunne legge den vidare planen for skrivinga. Eg starta med å utdjupe dei fire funna mine, og nytta både meiningstettinga, fargekodane, og det originale transkriberte notatet for å finne flest mogeleg detaljar frå intervjuet. Eg prøvde å vere nøye med at det skulle vere så autentisk som mogeleg ut i frå samtalanane vi hadde, så eg leita etter små utsegn, tonefall, og setningar som kunne vere relevante for det enkelte funnet. Parallelt med denne prosessen laga eg eit notat kor eg noterte ned alt av teori, forskning og relevant informasjon som kunne støtte funna mine i diskusjonskapitlet. Dette var ein langvarig prosess, og eg brukte mykje tid på å sortere og sette ting i system.

### **3.0: Funn**

Intervjukandidatane mine har mykje verdifull erfaring frå felten, og hadde, som forventa, mange gode tankar og refleksjonar å dele med meg. Vi kunne nok diskutert erfaringane våre om korps i lang tid, men eg har likevel plukka ut, og tatt utgangspunkt i nokre av dei temane som utpeika seg ut i frå analysearbeidet. Viser til dei fire punkta frå analysekapitlet, og har valt å konsentrere meg om dei funna som var mest framtreidande, og som pirra min nysgjerrigheit sett i lys av forskingsspørsmålet mitt.

#### ***3.1 Svekka evne til fokus og konsentrasjon som følge av digital teknologisk utvikling***

Samtlege av mine intervjukandidatar seier at dei opplev ei endring i fokus og konsentrasjon hos sine musikantar i samspelssituasjonen, og at dette kan vere utfordrande. Fleire av dei kan melde om store aspirantkull, nokre stader større enn på mange år, og mange ivrige nybyrjarar som er stolte over å få med instrumentet heim. Dessverre dabbar iveren av etter kort tid. Med kort tid

i denne sammenhengen snakkar vi om 6-12 månadar før motivasjonen stoppar opp. Dei første månadane er alt nytt og spanande for dei nye aspirantane, men i det rutinane og forventningane om eigenøving og førebuing kjem, opplev fleire av intervjukandidatane mine at motivasjonen sviktar. Det er mange som startar opp på eit instrument, men det er diverre påfallande få som fortsett speler etter to år, og etter at dei har fått starte i hovudkorpset. Intervjukandidatane mine snakkar om den stadige “kampen” mot smarttelefonane på korpsøvingane. Fleire av dei har funne gode løysingar, som innsamling av telefoner før øving, legge telefonen opp ned under stolen, eller tilsvarande metodar, kor telefonen er ute av syne under sjølve øvingsøkta. Dei opplev at dersom telefonen er i nærleiken har musikantane betydeleg mindre fokus gjennom øvinga. Fleire av dei eldste musikantane nyttar også eigen Ipad til notelesing, eit verktøy ein kan seie er både miljøvennleg, brukarvennleg, og nyskapande. Utfordringa er sjølv sagt at ein har tilgang til heile verda samtidig som ein les noter. Dirigentane er gjerne førebilete for musikantane sine, og vart spurt om korleis dei sjølve nyttar telefonar og nettbrett på øvingane, og om dei er bevisste rundt bruken. Samtlege av dei svarte at dei er svært bevisste på korleis dei nyttar dei digitale verktøya rundt musikantane sine, og at dei er klare over kor distraherande denne tilgangen verkar også på seg sjølve. Fleire av mine intervjukandidatar snakka også ein del om kor utfordrande det har blitt å “halde på” dei yngste musikantane under ei øving. Dette er noko som har blitt påfallande meir utfordrande dei siste åra, og nokre av dei mest erfarne kommenterte at dei veit ikkje om dei ville klart å gjennomføre den jobben som dei gjer i dag, den tida dei var nyutdanna på området. Dette utdjupa dei med at arbeidssituasjonen i dag er meir omfattande, utfordrande, og krev meir førebuing enn tidlegare. Sjølv med lang og god erfaring i faget, melder fleire av dei om at det er meir utfordrande enn nokon gong å få dei yngste musikantane med, og at dei er heilt avhengige av å vere meir førebudd enn nokon gong til ei samspelsøving som for eksempel aspirantkorpsøving. Til og med under eigne konsertar har nokre av dirigentane måtte ta grep for å halde aspirantane fokusert gjennom eit heilt musikkstykke, og då snakkar vi her om musikkstykke som aspirantane sjølve framfører på konsert! Ein av dirigentane hadde laga eit fargesystem, og kutta ned på antal pausar i stykket (der det var naturleg), for at dei yngste musikantane skulle klare å halde fokuset gjennom heile musikkstykket i framføringssituasjonen. Dette var ei ny erfaring, kunne vedkomande informere om. Nokre av intervjukandidatane mine var ganske klare på at dei konstante digitale stimuliane er hovudgrunnen til den nedsette evna til fokus og konsentrasjon, medan andre nemnte at kanskje også unntaka og utfordringane i covid-pandemien kan ha vore med på å påverke borns utfordringar med fokus og konsentrasjon. Nokre av dei påpeika at dei såg ei klar negativ endring i konsentrasjonsnivået til sine musikantar etter pandemien. Samtidig vart det nemnt at det

mange born gjorde under pandemien var nettopp å game, og nytte dei digitale verktøya i enda større grad enn tidlegare. I forlenging av pandemien var det også nemnt av fleire at mange av musikantane hadde mista rutinane sine, og i denne samanhengen, øvingsrutinane sine. Dei fleste av intervjukandidatane mine snakka altså om dei digitale påverknadane, og korleis dei opplev ein svekka evne til fokus og konsentrasjon både hos seg sjølv, i skulekorpset, hos eigne elevar, og hos eigne born i heimen. Fleire av dei trakk også fram dette med foreldra, og korleis foreldregenerasjonen har endra seg over tid. Dei foreldra som i dag har born i skulekorps, eller i nybyrjaralder, er gjerne foreldre som sjølve fekk digital tilgang i si ungdomstid. Alle som har, eller har hatt born eller yngre elever, veit at gode rutinar for øving må etablerast tidleg, og at det er viktig med foreldre som motiverer, minner på, og støtter. Det er sjølvsagt ein fordel om foreldra sjølve spelar eit instrument, men absolutt ingen krav til at dei må dette for å få bornet sitt til å øve heime. Intervjukandidatane mine snakka om at det er utfordrande å få dagens foreldregenerasjon til å forstå kva som må til for at bornet deira skal øve litt heime, møte jamleg til speletimar og korpsprøver, og oppleve meistring. Om det er at dei generelt manglar forståing for “faget”, ikkje har tid, eller kva som er grunnen til dette vart ikkje diskutert vidare. Det vart også nemnt at born i dag får styre mykje av fritida sjølve, og “shoppar” aktivitetar som det passar dei. Dei startar og sluttar midt i sesongen, og gir seg så fort dei møter utfordringar, eller at ting ikkje er like morosamt lenger. Mange born er med på mange aktivitetar, og vil aldri få tid å bli flinkare, eller gå grundigare inn i den eine av aktivitetane. Kva vil då skje med meistringsfølinga og samhaldet? Det er eit av punkta eg vil gå nærmare innpå litt seinare i teksten.

### ***3.2 Aukande fråfall i korps***

Fleire av mine intervjukandidatar trakk fram stoltheita som lyser av born som får sitt første instrument og si første uniform. Stoltheita er til å ta og føle på, men få år seinare er det flaut. Dessverre kunne eit par av dei også melde om skulekorpsmusikantar som har blir hetsa under marsjering i 17.mai toget med korpset sitt. Heldigvis blir det i skrivande stund tatt tak i denne forma for hets, og berre denne veka har eg lest fleire innlegg i aviser og på Facebook om kor viktig det er med framsnacking, og at ein må kunne få ha den hobbyen ein ønsker.

Gjennom intervjuja kjem det fleire gonger igjen at mange musikantar vel å slutte i løpet av ungdomsskuletida si, mykje fordi det ikkje er like populært lenger, eller fordi venane på same alder sluttar. Det er viktig å ikkje skilje seg ut i venneklokken. Intervjukandidatane mine viste til situasjonar dei har opplevd kor ungdommane synes det er flaut å seie at dei spelar i korps, og meiner at vi då er inne på noko vi kan kalle eit samfunnsproblem når ein ikkje

lenger tør å stå for det ein likar eller brenn for. I idretten, som eksempel fotball, er det vanleg å ta eit val om “satsing” når ein er i ungdomsskulealder. Dersom ein er ein av dei som satsar, er det i ulike idrettar forventa at ein trener kvar dag. Dette gjer at ungdommane må velje kva aktivitet dei vil vere med på, og ein av følgene av det blir at andre aktivitetar må ekskluderast grunna tidspress og kollisjon. Eg har også sett mange eksempel på ungdom som sluttar i idretten sin, fordi presset har blitt for stort, eller tar for mykje tid.

Fleire nemnte også det med at ein kan ofte sjå at dei ungdommane som er med på idrett og korps gjerne er dei same ungdommane som går igjen på fleire aktivitetar, og at store mengder ungdom ikkje er med på noko, og hamnar utanfor samfunnet. Dette er ein aukande trend særleg under og etter pandemien. Intervjukandidatane mine melder inn om musikantar som sluttar å spele i korpset, men i staden for å gå over til ein konkurrerende aktivitet, heller blir sittande heime for å game. Fleire la fram at ein gjerne kan argumentere med at mange av dei fortsett er sosiale gjennom gaminga, men sanninga er at dei går glipp av menneskeleg kontakt, og ikkje får den sosiale kompetansen som vi menneska treng. Manglande struktur, er det også noko fleire av mine intervjukandidatar som påpeiker. Dei utdjupar dette med at det er mange av musikantane som ikkje skjønner korleis ein er skal øve, og at det er færre enn før som faktisk bruker tida si til eigenøving. Mangel på øving fører fort til mindre meistring, og den manglande meistringskjensla fører igjen fort til at unge musikantar veljar bort skulekorpset. Også rundt temaet rundt fråfall og konkurrerende aktivitetar vart foreldrerolla trekt fram. At born og ungdom i høg grad får “shoppe” mellom aktivitetar, og at dei i større grad burde bli oppfordra, om ikkje beordra, til å stå ut sesongen. Born og ungdom nyttar gjerne ordet *kjedeleg*, og at med det same noko blir kjedeleg får dei lov til å gi seg med fritidsaktiviteten dei er med på. Det seier seg sjølv at det ikkje alltid er like kjekt, og at dei aller fleste aktivitetar ein og annan gong kan opplevast som kjedeleg. Fleire av intervjukandidatane mine seier at dei ser ei klar endring på dette området, og at ein tidlegare tolte å kjede seg i større grad, og at ein hadde meir tolmod når det gjaldt å halde ut sjølv om ikkje alt var like morosamt heile tida. Også her vart den digitale tilgangen kjapt trekt inn i samtalen, og det førte til fleire spanande diskusjonar og nye tankerekker. Born og unge som er vant med konstant underhaldning i form av smarttelefon og annan digital tigung, vil fort kjede seg når noko går meir langsamt. Den konstante flyten av informasjon og underhaldning vil gi utfordringar når dette plutselig ikkje er til stade, eller når aktiviteten krev eit heilt anna fokus.

### *3.3 Manglande gruppekjensle*

Gruppefølelsen — den er viktig den! I korpset speler ein kvarandre gode, og det finns ingen reservebenk. Intervjukandidatane mine, som sjølve var skulekorpsmusikantar ein gong for lenge sidan, snakka alle om kor viktig det var å ha eldre musikantar å sjå opp til, og det å vere ein del av ei større gruppe. På 80-og 90-talet var skulekorpsa betydeleg større enn dei er i dag, i tillegg til at det var fleire korps. På den tida hadde nesten kvar einaste skule eit eige korps, mens i dag er svært mange av skulekorpsa eit eller anna form for samarbeidskorps. Intervjukandidatane mine snakka om meistringsfølelsen dei kunne oppleve ved å høyre til i ei av gruppene i korpset. For eksempel å vere ein del av trompetgruppa, eller saxofongruppa, tilhøyr på tvers av kjønn og alder. Sjølv om ein gjerne ikkje var den eldste eller flinkaste, var det likevel samhaldet som var viktig, og det at alle spelte på same lag mot det same målet. 9-åringen såg opp til 19-åringen, og ønska å bli like flink. I dag opplev fleire skulekorps at dei er små og sårbare, og mange opplev nødvendigvis ikkje følelsen av å høyre til i ei større gruppe, men er kanskje ein av få, eller i verste fall heilt aleine på sitt instrument. Mange skulekorps i dag har diverre eit lavt antal medlemmar, og mange stader ventar ein (for) lenge med å slå saman to nabokorps, eller to korps som utfyller kvarandre besetnings messig. For små born kan det bli tøft å vere aleine på ei stemme, eller ikkje oppleve samhaldet i ei større gruppe. Opplevinga av meistring kan då vere lengre unna, og vil krevje desto meir for at det skal låte bra, eller at ein finn motivasjon for å vere med. Opplevinga av at noko høyrast bra ut, er også viktig for meistringskjensla. Eit par av intervjukandidatane mine snakka her om hyppigheita av fellesøvingane til skulekorpsa. Tidlegare (1990-talet) var det gjerne vanleg med to fellesøvingar per veke. I dag øver dei aller fleste berre ein gong per veke, i tillegg til eventuelle enkelttimar i kulturskulen. Færre øvingar fører gjerne til dårlegare klang, teknikk, og intonasjon. Dette igjen fører gjerne til ei dårlegare lydoppleving, som igjen går utover stoltheita og meistringskjensla. Ein av intervjukandidatane mine uttalte det så fint: «Born er ikkje dumme, dei høyrer godt kva som let bra og ikkje». Meistringskjensle vil alltid vere eit stikkord for å oppnå den indre motivasjonen, og indre motivasjon er gjerne det som på sikt må til for å halde på musikantane. Igjen heng meistring saman med øving og uthald, og igjen kan vi linke dette til nødvendigheita av ein godt fungerande organisasjon kor dirigent, styre og foreldre snakkar og jobbar godt saman.

### ***3.4 Sveikka evne til øving/eigenøving som nedsatt evne til fokus og konsentrasjon, jf.punkt.1***

Fleire av mine intervjukandidatar jobbar dagleg med undervisning av nybyrjarar, i korpssamanheng kalla aspirantar og juniorar. Det eg fekk høyre gjennom dei ulike historiene og gjennom analysearbeidet, var at det er særleg hos dei yngste musikantane det er mest utfordrande å halde fokus over eit litt lengre tidsrom. Ikkje berre på øvingane, men også i konsertsamanheng kan dette vere utfordrande. Sjølv med lang fartstid i yrket, gode pedagogiske og didaktiske metodar, og hyppig skifte av aktivitet, melder fleire av intervjukandidatane mine om at dei yngste musikantane, og då særleg gutane, mistar fokuset påfallande fortare enn for berre få år sidan. Intervjukandidatane mine opplev at det er meir krevjande enn nokon gong å “halde på” musikantane gjennom ei øvingsøkt, og aldri før har dei erfart større behov for å endre aktivitet, ha fleire musikkstykke tilgjengeleg, eller variere undervisninga og innstuderingsmetoden sin hyppigare. “Sveipe-generasjonen” som er vant med at alt går fort (som det gjerne gjer på nettet), får problem når ein må gjere ein aktivitet som tar tid. I denne samanhengen kan ein kanskje gå så langt å samanlikne øving, terping og samspel som “sakte-tv”, som ein av intervjukandidatane mine som fint sa det. Fleire av dei opplev at aspiranten seier at han/ho ikkje har tid til å øve. Samtidig viser det seg at dei som uttaler dette ofte er dei same som gamer i timesvis per dag. Også i denne samanhengen trekk intervjukandidatane inn kor viktig det er at foreldra er involverte og set seg inn i kva som må til for å få litt framgang og meistring i øvinga. Gode rutinar, tid og rom utan ytre forstyrringar, omlag på same måte som musikantane gjer andre lekser. Fleire av intervjukandidatane mine snakka om at der det tidlegare var heilt naturleg å øve og møte førebudd til speletimar og samspel, er dette noko ein nesten ikkje kan forvente i dag. Unntaket er gjerne når det nærmar seg ein konkurranse eller større konsert, då seier fleire av dei at dei opplev større grad av eigenøving og innsats frå musikantane sine. Og då vart det igjen diskutert litt rundt dette med konsertar og konkurransar. Er det konkurransen i seg sjølv, og derav den ytre motivasjonen, som i den samanheng gjer at nokre av musikantane vel å bruke meir tid på eigenøving, eller er det den indre motivasjonen og ønsket om å spele og utvikle seg på instrumentet sitt som er grunnen?

## **4.0: Diskusjon**

I dette kapitlet har eg tatt føre meg dei fire funna, og diskutert desse opp mot aktuell teori og forskning. Eg har valt å ta føre meg eitt og eitt av funna (som i kapittel 3), for at det heile skal bli meir oversiktleg. Eg har lagt største del av teksten i underdel 4.4, då mykje av det eg skriv i denne delen kan linkast inn mot fleire av funna. Eg har samla dette som ei oppsummering av diskusjonskapitlet.

### ***4.1 Svekkja evne til fokus og konsentrasjon som følge av digital teknologisk utvikling***

Hjerna vår er i dag vant med å sveipe vidare på jakt etter ny informasjon, og blir stadig lønna med tilførsel av dopamin. Dopamin er også kjent som “belønningshormonet”. Ein aktivitet som å øve, eller å spele saman i korps, gir ikkje nødvendigvis konstant dopamintilførsel. Dette dopaminet kjem kanskje den dagen du meistrar noko nytt på instrumentet, har opplevd nydeleg tuttklang i samspel med andre, har vunne ein konkurranse, eller spelt yndlingsstykket på beste måte. Det vil som regel ta tid før dopamintilførselen inntreff, og korleis kan ein slik aktivitet då kunne konkurrere med det digitale, som gir oss den stimulien vi treng, når vi treng den.

Med ubegrensa tilgang til “forstyrrelser” i form av stimuli på digitale plattformer, vil det utan tvil påverke oss alle i stor grad. Dette merker eg både på meg sjølv og mine elever, at med ein gong noko blir utfordrande, eller om eg ikkje heilt forstår det eg les, er det svært freistande å skifte aktivitet, lese på ei annan nettside, eller sjekke telefonen. Vi avbryt oss sjølve konstant. Multitasking, kor vi tenker at vi er effektive, og gjer fleire ting på ein og same gong fører heller til det motsette. Dette vil eg kome tilbake til litt seinare i teksten. Det er alt for lett å gi opp, noko fleire av mine intervjukandidatar også ofte erfarer. Uthald, det å stå i det, og vere i botnen av læringsgropa er noko som har blitt meir utfordrande. Vi ønsker svaret med det same, og svaret ligg mykje enklare tilgjengeleg enn tidlegare gjennom google og anna digital tilgang. Alle som har spelt eit instrument veit at ein ikkje kan google seg til betre teknikk, rundare klang, eller rytmisk presisjon. Det einaste som kan utvikle oss på dette området er øving, terping, repetisjon, uthald, og lytting. Det seiast at ein skal ha gjennomført 10 000 repetisjonar før ein ferdigheit er automatisert, og utan evne til uthald kan dette bli særdeles utfordrande. Intervjukandidatane mine seier dei alle er bevisste på at på jobb blir mobilen berre brukt til tidtaking, lytting på aktuell musikk, eller som metronom og tuner. Bortsett frå dette er telefonen minst mogleg framme, og samtlege av dei begrunner dette med at dei må, og bør vere eit godt førebilete for musikantane sine, samt at dei som regel ikkje har tid til å sjekke mobilen i løpet av ei to-timars korpsøving. Eg tenker at når alle dei seks dirigentane er så tydeleg bevisste på



akkurat dette, må dei sjølve ha erfart ei endring i samfunnet, og ønske å formidle at dei er til stade i situasjonen her og no i samhandling med dei andre.

I artikkelen *Digitale forstyrrelser* viser forfattern til omgrepet “Techlesh”, eit tilbakeslag mot teknologibransjen, kor ulike digitale plattformer har fått stadig aukande kritikk mot seg. Vi får blant anna umiddelbar informasjon dersom vi bruker google, men samtidig avbryter det oss i så stor grad at det frårøver oss evna til konsentrasjon og tenke samanhengar. Dette fordi vi stadig avbryter oss sjølve (Enli, 2021, s.19) Eg synes dette beskriv mykje av korleis eg har det, og korleis eg ofte opplev mange av elevane mine. Berre når eg skriv dette avsnittet er telefonen involvert fleire gonger, noko som heilt klart gjer at eg avbryt meg sjølv og mister evna til å halde på konsentrasjonen over tid. Når ein skal gjere ei oppgåve som er utfordrande, kan telefonen verke sær s freistande. Viser til kapitelet om teori, og teksten om hjerna si omkoplingstid. Dersom vi, som nemnt over, frårøvar oss sjølve konsentrasjon og evna til samanhengande tenking, kan ein i tillegg leggje til den omkoplingstida hjerna bruker for å skifte fokus frå ein aktivitet til ein anna. Eg tenkjer at dette til saman ubevisst frårøvar oss mykje verdfull tid og konsentrasjon, som på ein eller annan måte både vil, og må få konsekvensar på lang sikt. Tar ein i tillegg med at born ikkje har ferdig utvikla frontallapp, vil det å utsetje belønninga (i dette tilfellet, forstyrringa?) bli ei sær krevjande oppgåve for born og unge.


#### **4.2 Aukande fråfall i korps**

Det er ingen tvil om at det var fleire som spelte i korps tidlegare, dette gjeld både for skulekorpsa og amatørkorpsa. Norges Musikkorps Forbund (NMF) har i dag 60 000 medlemmar, fordelt på omlag 1600 medlemskorps. På nasjonalt nivå har forbundets medlemstal blitt halvert sidan 1990-talet, og særleg i skulekorpsa er det mange som har slitt og mista medlemsmasse. Berre dei siste tiåra har det vore ein dramatisk nedgang i antal medlemmar, og fleire skulekorps har måtte legge ned drifta, eller slått seg saman med eit anna korps i nærleiken (Bårdsen, 2017) Under pandemien mista forbundet (NMF) omlag 3000 medlemmar, men har i tida etterpå tatt seg opp att med 3,5% auking i medlemsmasse. I artikkelen *Spill på lag med korps-foreldrene!* (Klausen, 2018) skriv forfattern om Tasta skulekorps, den gong noregsmeisterar, og om dirigentens tankar rundt talentutvikling og det å spele eit blåseinstrument. Dirigenten som vert intervjuet har solid erfaring rundt skulekorpsdrift, og kulturskuleundervisning på blåseinstrument. Han har opparbeida ei solid besetning og høgt medlemstal i skulekorpsset han dirigerer, men slik har det ikkje alltid vore. Tidlegare var det meir gjennomtrekk av medlemmar, men har dei siste åra hatt ei meir stabil medlemsmasse. I artikkelen snakkar dirigenten som vert intervjuet litt generelt om korleis han underviser og motiverer både dei såkalla talenta, men også

den typiske normaleleven. Han legg også ekstra vekt på kor viktig det er å spele på lag med foreldra. Dei aller fleste musikantane ønsker på eit eller anna tidspunkt å slutte, men då trengs det foreldre som motiverer dei til å fortsette. Fleire av intervjukandidatane mine nemnte også dette med foreldrerolla inn mot fråfall av musikantar, og at dei i mange tilfelle får lov til å gi seg for fort, eller for tidleg. Dirigenten i artikkelen seier at det å dirigere berre er ein liten del av hans arbeid, det aller viktigaste er å skape relasjonar. Relasjonar til, med, og mellom musikantane, og relasjonar til foreldre. Når fleire av mine intervjukandidatar opplev at musikantane gir seg tidleg, eller så fort ting blir kjedeleg, vil uttrykket stayerevne blir interessant. Evna til å halde ut, og til å stå i noko som er tidkrevjande og som krev det lille ekstra av oss. Er dei synkande medlemstala til NMF nettopp eit resultat av at born i dag er i ferd med å miste denne stayeren og evna til uthald, eller må korpstradisjonen fornye seg og møte borna der dei er i dag? Tidlegare i teksten diskuterte vi indre og ytre motivasjon, og at dirigentane ofte opplev at musikantane øver meir når dei skal spele konsert eller konkurranse. I tida i mellom konkurransane kan det vere utfordrande å motivere til eigenøving. Eg opplev ofte at indre motivasjon kjem av meistring. Nokre gonger vil motivasjonen sjølvsgagt kome av sjølve musikkopplevinga, er den sterk nok kan heldigvis den i seg sjølv nokre gonger føre til indre motivasjon. Hos born i skulekorps opplev både eg og fleire av intervjukandidatane mine at det som regel er meistringskjensla som fører til indre motivasjon. Men korleis oppleve meistring dersom stayeren ikkje er sterk nok, og når ein gir opp for fort. Viser til innleiinga og kronikken om ytre og indre motivasjon. Dersom borna innehar den indre motivasjonen for det dei driv med, vil dei gjerne føretrekkje utfordrande oppgåver, vere nysgjerrige på å lære noko nytt, og vil gjerne arbeide og meistre oppgåvene på ein sjølvstendig måte (Diseth, 2020) Personleg meiner eg at vi treng miljø kor det sosiale er i fokus, men også miljø og læring som utfordrar til vidare utvikling og nye mål. Det å utrette noko i samspel med andre er noko særst verdfullt å ta med seg vidare, og ved oppleving av meistring vil ofte den indre motivasjonen kome naturleg. Men tilgangen til faglærde dirigentar og instruktørar som veit å motivere og leggje til rette er også nødvendig for at det skal låte så bra som mogeleg av korpset, at repertoar og aktivitetsnivå er nøye tilpassa alder og nivå, og at ein veit å gi dei som ønsker det dei nødvendige utfordrande oppgåvene for vidare meistring og indre motivasjon. Den russiske psykologen Lev Vygotsky (1896-1934) hadde i sin teori om den proksimale utviklingssona ei bestemt oppfatning av *tilpassa opplæring*, nemleg at undervisninga ikkje skal vere lagt på det nivået som eleven allereie meistrar, men på eit litt høgare nivå, slik at eleven må strekkje seg litt. (Imsen, 2003, s.161) Dette vil eg seie kan overførast direkte inn mot det å få eit skulekorps

til å fungere, at medlemmane skal ønske å fortsette og spele i korpset, og for at både læring og meistring skal førekomme. Dette i tillegg til dei viktige sosiale relasjonane ein må bygge opp.

Figur 1: Den proksimale utviklingssonen



Illustrasjon: Gunn Imsen (2005)

### 4.3 Manglande gruppekjensle

Dei fleste av oss som har spelt i korps over tid har kjent på det unike samhaldet som oppstår når vi er stolte over ein vel gjennomført konsert, har klatra mot pallen i ein konkurranse, eller har høyrte klangutviklinga i ensemblet etter ei lang øvingsperiode. Støtta, humoren og samhaldet kan i mange tilfelle bli heilt unik, og noko som ein kan ha med seg resten av livet. Alle som har spelt i korps har naturleg nok ein gong vore nybyrjar, og sjølv kan eg hugse kor stort det var å få spele med dei som var eldre og flinkare enn meg. I korps speler ein kvarandre gode, noko som fører til at også den yngste og ferskaste i gruppa kan kjenne på meistring og gruppekjensle. Stoltheit over å vere i nettopp denne gruppa, det vere seg kornett, tuba, eller saxofongruppa, er viktig for kjensla over å høyre til. Etterkvart som ein blir eldre og meir erfaren vil ein rykke oppover og mot ei principal-rolle, som igjen dei yngre ser opp til. Samhald og meistring er to omgrep som etter mi meining heng saman. Å spele kvarandre gode, er i høgaste grad noko eg forbind med skulekorps. Med medlemmar i alderen 8-19 år, seier det seg sjølv at nivået og erfaringa er sprikande, men samspelet og samhaldet kan på tross av det likevel bli heilt unikt. I avhandlinga til Bårdsen (2017) kan ein lese at forholdet mellom musikantane speler ei særdeles

viktig rolle i suksesskorpset Tertnes skules musikkorps, og fleire av musikantane svara vennskap, inkludering og bestevenner når dei vart intervjuet om forholdet dei hadde til sine medmusikantar i korpset. Både dirigent og korpssleiar understreka begge kor viktig det sosiale er for miljøet og for det å ville vere med i korpset. Det at musikantane saman jobba mot eit mål og gjorde det bra i konkurransar, førte til følelsen av eigarskap, stoltheit og tilhøyr. (Bårdsen, 2017) I forskinga si fann ho indikasjonar på at det å lære og spele eit instrument har ein viktig sosial faktor, og at viktigheita av tilhøyr i ei gruppa er like viktig for musikantane frå dette prisvinnande skulekorpset, som for andre unge i søk av tilhøyr og samhald. (Bårdsen, 2017)

Også dirigenten til det prisvinnande korpset trekk fram at det er samhaldet som er det aller viktigaste. Både korpssleiar og dirigent uttaler i hennar forskingsprosjekt at det å vere ein del av ein større samanheng, samarbeide med andre, sete eit mål og saman jobbe fram mot dette utan å gi opp, er eksemplar som både dirigent og korpssleiar i dette skulekorpset trekk fram som noko av det aller viktigaste musikantane tar med seg vidare i livet (Bården, 2017).

Desse utsegna meiner eg seier mykje om kva ein kan oppleve ved å spele i skulekorps, men også om korleis det kan vere med på å danne det heile mennesket. Ikkje berre kan ein bli dyktig på instrumentet sitt, men erfaringa ein får ved å vere ein del av noko større, er læring og erfaring eit ungt menneske kan ta med seg vidare til mange av livets faser, og ikkje minst vidare inn i arbeidslivet og familielivet når den tid kjem.

Vygotsky ser på læring og utvikling fyrst og fremst som eit resultat av samspel, fortrinnsvis sosialt samspel, slik at eleven gjennom språk kan tileigne seg dei reiskapane som ligg i språket. Han var opptatt av korleis dette samspelet best kunne strukturast slik at utviklinga på det indre, psykologiske planet kunne bli stimulert best mogleg. (Imsen, 2003, s.161) Set ein dette i samanheng med det som fleire av intervjukandidatane mine nemnde om fråfall i korps, og at mange vel å slutte utan å ha ein annan aktivitet å gå til, kan ein tenkje seg at fritidaktiviteter som skulekorps nettopp kan vere ein sær viktig arena for læring og sosialt samspel, og at det å vere sosial og i tillegg kunne oppleve meistring er sær viktig for vidare læring og utvikling.

Dirigenten til det prisbelønte skulekorpset nemner også dette med samarbeid og kunnskap, og det å kunne vise omsyn og forhalde seg til andre menneske er også særdeles verdifull kunnskap å ta med seg vidare, særleg slik eg oppfattar at samfunnet no er på veg, mot eit meir individualistisk samfunn, og ikkje ein "vi-tankegang". Her ønsker eg å trekke inn sosiale media, influensarar, og kroppshysteri som eksempel. Mange unge i dag gjer alt for å bli sett, anten det er gjennom eit reality-program på tv, eller via sosiale media. Mange av dei som har fått mykje plass frontar usunne livsstilar og kroppspress. Det handlar om å bli sett, og svært

mange unge blir sterkt påverka av dette. Eg trur at det å ha anna fokus, og kunne vere ein del av ein større samanheng kan gi dei unge eit viktig supplerande perspektiv på livet.

Samarbeidsevna som er ein heilt nødvendig ferdigheit i skulekorps, er også ein ferdigheit ein kan ta med seg i andre deler av samfunnet, arbeidslivet, forholdet, og venneflokket. Å sete eit mål saman, og jobbe mot dette målet utan å gi opp, er også noko som skapar meistring og samhald. Av intervjukandidatane mine var det fleire som snakka om at det i dag er utfordrande å få musikantane til å halde ut, og særleg der belønninga for innsatsen kanskje finns langt der framme ein stad. Når eit korps skal spele ein større konsert eller konkurranse, trengs det timesvis med terping i fleire veker, kanskje månadar. Det vil krevje uthald, konsentrasjon, fokus, og samarbeid over tid. Men utfordringa i dag, er gjerne det at born gir opp før dei kjem så langt. Det kan vi sjå på både medlemstala i NMF, og på dei små skulekorpsa rundt omkring. Færre unge får ikkje oppleve dette samhaldet og meistringa som ein kan oppnå gjennom samspel, og det er noko eg tenker er urovekkande når forskarar kan vise til kva som skjer i hjerna vår når vi utøver musikk. Eg ønskjer her å vise til det eg tidlegare har skrive i teoridelen, og om at dersom vi skal kunne klare å lære noko nytt, er hjerna nødt til å danne langtidsminne. Den delen av hjerna som kallast frontallappen, har blant anna den funksjonen at den skal hjelpe oss med å motstå freistningar, bremse impulser og utsetje belønning. Ei belønning i dette tilfellet kan for eksempel vere å få fleire følgjarar på sosiale media, “likes” på instagram, få kommentarar på ditt nyaste bilete/innlegg, eller runde eit spel. Higen etter denne belønninga, eller dette dopaminet, er høgast i tenåra, og sidan frontallappen ikkje er ferdig moden før i 25-30 årsalderen, kan digital teknologi bli uimotståeleg for born og unge. (Brean & Skeie, 2021) Kan vi gjennom desse utsegna sjå ein samanheng mellom det den digitale tilgangen, nedgang i antal medlemmar i korps, og nedsett evne til fokus og konsentrasjon?

Å lære og spele eit instrument tar tid, og born og unge høyrer godt om ting høyrer bra ut, eller ikkje. Små korps utan ideell besetning får ofte utfordringar med å lage ein stor og homogen tuttklang i ensemblet, og kan fort føre til at det er flaut eller lite inspirerande å vere med. Repertoarval og type prosjekt er også noko som verkar inn på motivasjonen for å spele i korps, er noko eg sjølv veit av erfaring, og noko som fleire av intervjukandidatane mine kommenterte. Det langstrakte landet vårt med store avstandar kan også i tilfelle gjere det utfordrande å få tak i faglærde instruktørar og dirigentar. Ser ein på mindre bygder, som likevel har klart å lage eit solid skulekorps over tid, kan ein ofte finne god tilgang til profesjonelle lærekrefter, og ei foreldregruppe som gjerne spelar på høgt nivå sjølve. Ein treng ikkje dra lenger enn til bygdene nord for Bergen. Små tettstader, kor den eine bygda etter den andre har

store gode brassband som held eit skyhøgt musikalsk nivå, og som knivar om topplasseringar i både nasjonale og internasjonale konkurransar år etter år. Ein kan lese i avhandlinga til Bårdsen (2017) at foreldreinvolvering er ein av suksessfaktorane til desse skulekorpsa. I områda eg nemner er ein stor andel av foreldra sjølve utøvande korpsmusikantar på høgt nivå, men det finns mange måtar å involvere seg som forelder. Dersom kompetansen er til stade kan ein nyttast som instruktør, då ein slik type dugnad er gull verdt for økonomien til skulekorpsa. Andre måtar å involvere seg på er å oppfordre og motivere til øving heime, lage mat på seminar, vere vakter under øvingar og på seminar, kopiere noter, ordne uniformer, styre økonomien, og å vere eit bindeledd mellom dirigent, instruktørar, foreldre og musikantar. Foreldreinvolvering, og samhald foreldra i mellom, vil også smitte over på musikantane.

Eit par av dirigentane eg intervjuar snakka også ein del om at born i dag skuldar på at dei er slitne. Slitne av at dei har mange aktivitetar dei må følge opp kvar einaste veke. Det er ikkje uvanleg at ein tiåring spelar i korps, går i kulturskulen, er på symjing, fotball og handball i løpet av veka. Det seier seg sjølv at dei aller fleste ikkje vil klare å følge opp alle desse aktivitetane på ein god måte, så kva då med meistringsfølelsen. Ein kan kanskje tenkje seg at det kan vere enklare å forholde seg til færre aktivitetar, men heller prøve å utvikle seg, og med det oppleve meistring, som igjen mest truleg kan føre til auka motivasjon og eigeninnsats.

#### ***4.4 Svekka evne til øving/eigenøving som nedsatt evne til fokus og konsentrasjon, jf.punkt.1***

Eg vel å trekke fram det som ein av intervjukandidatane mine sa om at øving, terping og samspel kan samanliknast med “sakte-tv”. Eg synes det er eit klart og tydeleg bilete på noko av det som faktisk må til for å gjere framgang, men korleis kan sakte-tv konkurrere mot den konstante flyten av informasjon vi har tilgjengeleg i dag? Hansen (2020) viser til at vi oppheld oss mindre enn fire sekund på nærmare ein femtedel av alle nettsider, og at berre fire prosent av nettsidene bruker vi meir enn ti minutt på. Eg veit også sjølv kor lett det er å lese overskrifta i aviser og nettsider før eg sveipar vidare, og trur at eg har fått med meg det som står om emnet. Eg kallar dette overflatisk læring, og til tider også feillæring. I tabloidavisene blir gjerne overskriftene laga for å trekkje lesaren til seg, sjølv om sjølve innlegget gjerne kan ha eit anna fokus eller innhald. I masteroppgåva til Borchgrevink-Brækhus (2019) kan vi blant anna lese at i nettavisene blir sjølv ei kort overskrift tolka som reel informasjon og har stor informasjonsverdi for lesarane. Noko som resulterer i ei tidssparande og meir overflatisk nyheitslesing. Skal vi lære noko nytt er vi nøydte til å danne langtidsminne, og må i enkelte tilfelle befinne oss nederst i læringsgropa for så å klatre sakte opp. På nettsida til P4C - Philosophy for Children kan vi lese at hensikta med læringsgropa er å skape ei kognitiv konflikt og få eleven til å utforske

omgrep. Det er viktig at flest moglege elever er så aktive som moglege heile tida (Vitenparken, u.å.) Sjølv om instrumentalopplæringa og samspelet generelt kan ha eit litt anna utgangspunkt, vil det med å øve til noko langt der framme, kanskje med mykje nytt på repertoaret, mest truleg vil føre til at ein må vere i læringsgropa ei stund før ein sakte med sikkert klatrar oppover. Det kan vere seg ved å spele ei teknisk utfordrande stykke på instrumentet, spele saman med musikantar som er dyktigare og meir erfarne, øve inn eit større stykke som krev timesvis med terping og konsentrasjon, og som i utgangspunktet ser ut til å vere uoppnåeleg. Som Popadic (2014) viser til, er repertoarvalet særdeles viktig for musikantane sin motivasjon og meistringskjensle. Dirigenten i eit korps må vite kven han har med å gjere, kor dyktige musikantane er, og kor langt dei er villige til å strekke seg for å nå målet. Dirigenten må også berekne nok øvingstid, passe utfordring til alle grupper, og spele på dei sterke kreftene i korpset sitt. Mang ein gong har eg sjølv øvd med elever fram mot større konsertar eller konkurransar, kor repertoaret der og då kan verke alt for vanskeleg. Målet har då vore å få musikantane til å innsjå at der er håp med nok innsats og øvingstimar, og at dei må tole å vere nede i gropa (The Learning Pit) for ei periode, før ting gjerne løsnar og dei klatrar sakte med sikkert opp mot målet. Dersom ein står i dette, og resultatet blir bra, vil det det ligge til rette for at dopamintilførselsen kan bli kjempestor, og motivasjonen for vidare utvikling blomstre. Men, utfordringa i dag, slik både intervjukandidatane mine og eg sjølv ser det, er å finne denne balansen mellom å gi musikantane nok utfordring, samtidig som at dei ikkje blir verande nede i læringsgropa utan å vere i stand til å klatre opp. For å vere i stand til å øve inn noko nytt og eventuelt noko som er meir utfordrande, må musikantane ha evne til å halde fokus og konsentrasjon over tid.

Figur 2: Læringsgropa, eller The Learning Pit.



Note: Illustrasjon: Challenging Learning, James Nottingham

I samlinga “Musikkfilosofiske tekster” kan vi i teksten til Torbjørn Eftestøl (2020) blant anna lese at dersom vi skal konsentrere oss om noko, vil det utelukke ein like konsentrert opptattheit med noko anna. Vi kan for eksempel ikkje konsentrere oss om å forstå ein tekst, og samtidig erindre gårsdagen, eller merksamt følge med på det rundt oss. Konsentrasjon betyr å samle medvit i eit senter. Pianisten Alfred Brendel stiller spørsmål ved dette, fordi det i ein framførings situasjon foregår fleire ting på ei og same tid. Han nemner for eksempel at han må lytte merksamt til det som kling der og då, samtidig som han må ha fokus mot det neste som skal klinge, og handle deretter (2020) Set vi dette opp mot at hjerna vår er i stand til å skape nye bindingar, som eg refererer til Nordengen (2017) i teorikapitlet, kan vi få ein interessant diskusjon. Trekk vi samtidig fram det som Hansen (2020) skriv om i *Skjermhjernen*, tenker eg at det er realistisk at det er meir utfordrande for dagens unge å halde fokus og konsentrasjon enn det born og unge i same alder hadde før den digitale tilgangen, og at det ikkje er rart at blant anna dagens skulekorpsdirigentar får merke dette.



Med stadig påfyll av informasjon vil vi slite med å utelukke ein like konsentrert oppfattheit med noko anna. Vi får for mange inntrykk servert til ei kvar tid, og det er vanskeleg å skilje nødvendig og mindre nødvendig informasjon. Det som pianisten Brendel viser til om ein framføringssituasjon, tenker eg kan overførast til det å øve, eller til samspel i korps. Når ein speler saman i korps aktiverast store deler av hjerna, og sansane våre jobber på spreng. Berre sjå for deg alt ein, bevisst eller ubevisst, må fokuserer på i ei og same tid; spele og tolke det som står i notebiletet, trykke riktig grep og spele notert artikulasjon, lytte til medmusikantane sine, samtidig som ein er må vere merksam på sin eigen klang og intonasjon. I tillegg må ein følge dirigenten, lytte til felles puls i ensemblet, bruke den kreative ferdigheita til å musisere “stilriktig”, og gjerne ha ei form for kontakt med eventuelt publikum. Som eg viser til i innleiinga gjentar eg delar av følgande tekst: «*Den finnes nemlig få, om noen, menneskelige aktiviteter som i like stor grad som musikkutøvelse kan få hjernen til å forandre seg*» (Brean & Skeie, 2021, s.9). Eg tolker dette som at alt heng saman, for å kunne lære noko nytt må hjerna forandre seg og danne langtidsminne, og ein av aktivitetane som forandrar hjerna mest er å utøve musikk, og for å utøve musikk (på eit høgare nivå) må ein ha evne til fokus og konsentrasjon.

Hari (2022) viser til samtalen han hadde med Professor Earl Miller under eit besøkte ved Massachusetts Institute of Technology. Earl Miller har forøvrig fleire høge utmerkelsar for si forskning innan nevrovitenskapen. Miller snakka blant anna om, at det menneska er nødt til å forstå, er at hjerna vår berre er i stand til å produsere ein eller to tankar på same tid. og at vi har ein veldig begrensa kognitiv kapasitet. Det er, i følge han, nemleg ei vrangførestilling at vi kan tenkje på fleire ting på ei og same tid, og viser til tre ulike forklaringar på dette. Den eine er at hjerna må rekonfigurere på nytt kvar gong ein til dømes går frå ei oppgåve til ei anna. Dette finns det mange vitenskaplege bevis på, i følge Miller. Det tar tid for hjerna å skifte mellom ny og gamal aktivitet, og som eit resultat av dette går ting saktare. Du mister ikkje berre tid på å sette deg inn i det nye du les, men også tid på å gå tilbake til førre oppgåve. Som eit eksempel på dette viser han til at dersom skjermtida viser at du bruker fire timar på telefonen din per dag, har du i realiteten mista mykje meir tid enn det i tapt fokus. Han viser så til eit lite studie utført av Hewlett-Packard, kor dei testa arbeidarane sine i to situasjonar. I den eine situasjonen fekk dei arbeide uforstyrta, mens i den andre vart dei forstyrta av eposter, meldingar og oppringingar. I denne studien viste det at teknologiske forstyringar satte arbeidarane sin IQ ned med 10 poeng. Den same effekten som om dei hadde røyka cannabis (Hari, 2022)

Den neste forklaringa viser til “screw-up effect”. Når du skifter mellom to oppgåver vil det oppstå feil du elles hadde unngått. Når du skifter mellom to oppgåver, må hjerna eit lite

stykke tilbake for å finne tilbake, og dette klarar den ikkje å gjere perfekt. Og vidare, på grunn av denne avsporinga, mister ein verdifull tid til å tenke djupare, så det heile blir meir overflatisk (Hari, 2023) Desse tinga kan eg sjølv kjenne meg veldig igjen i, og eg kan også sjå kor lett det er å miste samtalen med andre menneske dersom vedkomande får ein telefon eller anna form for forstyrringar under samtalen.

Den tredje påstanden hans er at du blir betydeleg mindre kreativ under multitasking. For å forklare dette viser han til at nye tankar og idéar kjem når hjerna skaper nye bindingar ut i frå kva du har sett, høyrte og lært. Dersom hjerna får uforstyrta tid, vil den teikne nye linker, og idéar vil oppstå. Miller viser til at dersom du bruker mykje tid på denne switchinga og feilopprettinga, vil hjerna rett og slett få mindre moglegheit til å få dei verkeleg gode kreative, originale tankane. Så oppsumert viser han til at dersom vi bruker mykje tid på sveiping, vil arbeidet og tenkinga di gå saktare, du vil gjere fleire feil, bli mindre kreativ, og du vil hugse mindre av det du har gjort. Miller viser til at den amerikanske gjennomsnittsarbeidaren brukar 40% av arbeidstida si feil ved at dei multitaskar, og mister verdifull fokus og konsentrasjon (Hari, 2022) Ein studie ved Carnegie Mellon University lot 136 studenter ta ein test. Nokre av dei hadde telefonen slått av, medan andre hadde telefonen på og mottok jamnleg tekstmeldingar undervegs. I gjennomsnitt, gjorde dei studentane som mottok tekstmeldingar det 20% dårlegare enn dei som hadde telefonen avslått. Earl Miller sa det veldig klart, at det er ingen alternativ, skal du gjere noko skikkeleg, må du gjere berre ein ting om gongen (Hari, 2022)

I *Stolen Focus* (Hari, 2021, s.110) kan vi også lese at amerikanske ungdommar mellom 13 og 17 år, sender i gjennomsnittet ei tekstmelding kvart 6.minutt i den tida på døgnet dei er vakne, og at dette fører til at vi lev på ei tredemølle av kontinuerleg sjekking. Vi veit at forstyrringar forverrar vår evne til konsentrasjon, så kvifor aukar vi mengda forstyrringar? Vi kan også lese om korleis appen Snapchat sitt “triks” påverkar unge menneske til å sjekke snappen kvar einaste dag. “Snapchat - strikes” fører til at du må ha ein kontinuerleg chat med vener. Dette går på antal dagar med konversering, og skulle du miste ein dag vil ein rykke tilbake til null. Dette seier mykje om korleis dei ulike appane er laga for at vi skal bli avhengige, og for at vi skal vere tilgjengelege til ei kvar tid. Det tankevekkande er at mange av designarane bak denne og liknande appar, bruker sjølv mykje tid på yoga, og nektar gjerne eigne unger å bruke desse, og heller sender dei til Montessori - skuler fri for teknologi (Hari, 2023, s.113). For kva er det som styrer? Penger.

Øyvind Varkøy skriv om kunstens og musikkens eigenverdi, og at denne verdien er forbunde med tenking og refleksjon. Han viser blant anna til filosofen Heidegger, som meiner

at kunsten døyr dersom dens einaste misjon er å gi oss raske og overflatiske opplevingar (Varkøy, 2015). Tankevekkande, synes eg.

Eg ønsker også å nemne dette med søvn i samband med fokus og konsentrasjon. Då eg studerte naturvitskap var søvn stadig vekk eit tema som vart tatt opp inn mot emna fysisk og psykisk helse. Mangel på søvn kan fort føre til dårlegare fokus og konsentrasjon, som igjen verkar negativt på læring og den psykiske helsa. Dersom læringa ikkje finn stad vil heller ikkje opplevinga av meistring førekomme. Som ein del av eit studie, fekk eg vere med på eit foredrag hos Bergen søvnssenter. Det var særst interessant å lære om kor mykje søvn har og seie for vår mentale helse, og for evna til å kunne fokusere. Alt heng saman, og er den mentale helsa dårleg, og ein lir av underskot på søvn, er det fort gjort å ta dårlege val innan kosten. Dårlige kostvanar fører til dårlegare fysisk helse, og det heile får ein klar samanheng. Særleg var det interessant å høyre om kor stor påverknad søvnmangel kan ha på oss. I følgje Hansen (2020) veit vi ikkje sikkert kvifor vi søv, men ein reknar med at dei prosessane som skjer i kroppen og hjerna når vi søv, er veldig viktige. For forfedrane våre førte det å sove til stor risiko, då faren for å bli spist var stor, og ein gjorde heller ingen nytte for seg i den tida. Hjerna vår brukar like mykje energi når vi søv, som når vi er vakne. Ein grunn er at hjerna vaskar vekk alle avfallstoffa i form av nedbrotne protein som har hopa seg opp i løpet av dagen. Den nattlege vasken verkar viktig for at hjerna i det heile tatt skal fungere. Søvnproblem gjer at vi fungerer dårlegare. Ikkje berre svekkar det konsentrasjonen, men den påverkar også vår kjenslemessige stabilitet. Den kanskje aller viktigaste grunnen til at vi søv, er at er at det skjer ei overføring frå korttidsminnet til langtidsminnet i løpet av natta, og denne prosessen skjer fyrst og framst under djup søvn. Hjerna kan til og med gjenskape minner som held på å gå tapt, i løpet av natta. Dersom vi ikkje søv som vi skal, vil dette gå ut over hukommelsen vår. (Hansen, 2020, s.75-76) Knyttar ein dette opp mot teorien om at for å lære noko er hjerna vår nødt til å danne langtidsminne, vil ein sjå viktigheita av å få nok søvn, og særleg for born og unge som i tillegg er i ein vekstfase.

Svært mange, både born og vaksne, nyttar ein eller annan form for skjerm før leggetid. Når vi blir utsett for mykje lys, reduserast melatoninproduksjonen i kroppen vår, og kroppen trur det er dag. I augene har vi nokre celler som reagerer kraftig på blått lys, og fortel hjerna vår at det er dag, og at ho skal slutte å produsere melatonin. Melatonin er eit hormon som hjelp oss til å styre døgnrytma vår. Dersom ein nyttar skjerm (mobil eller nettbrett) før ein skal sove, vekkjer det blå lyset hjerna, og ikkje berre hemmar melatoninproduksjonen, men utsett den med to til tre timer. (Hansen, 2020, s.77) Eg tenkjer at dersom ein ikkje er merksam på dette, og nyttar skjerm på sengekanten eller rett før leggetid, vil totalsummen på antal timar søvn gå ned. Born vil sove mindre enn det som er optimalt, søvnmangelen påverkar evna til fokus og

konsentrasjon, og evna til å danne langtidsminne. Samtidig vil gjerne humøret svinge i større grad, og den mentale helsa lide under dette. Med nedsett evne til å danne langtidsminne, vil dette gå utover læringa. Mangel på læring vil igjen føre til mangel på meistring.

Vi har heildigitale skular, i nokre tilfelle heildigitalt arbeid, i tillegg til at mykje av fritida vår går med til sosiale media, gaming og e-underhaldning. Vi blir passive, noko som igjen påverkar den fysiske helsa vår. Som kjent vil den fysiske helsa igjen påverke den psykiske helsa, og vi er inne i ein negativ spiral. Aktivitetar som for born tidlegare førte til naturleg fysisk aktivitet, er i dag eit tastetrykk unna. Eksempel på dette er fysisk leik og kontakt med venner. Der ein tidlegare måtte gå ut, gjerne vere i aktivitet, ser eg ofte no blir overført til kontakt via gaming og sosiale media frå barnerommet. Born er sosiale via internett, men får mykje mindre av den fysiske kontakta, dei fysiske utfaldingane, og det sosiale samspelet som fritidsaktivitetar gjerne legg til rette for.

I følge Nordengen (2017) er det mange studiar som har undersøkt korleis hjerna vår blir påverka av musikk. Kan ein til dømes bli smart av å høyre på Mozart? Ho viser til ein studie kor ei gruppe studentar som løyste oppgåver som kravde romfølelse, gjorde det betre etter dei første 15 minutta etter å ha høyrt litt på Mozart. Då undersøkinga vart kjend, gjekk folk mann av huse for å kjøpe Mozart-plater. Etter kvart viste det seg at andre hjerneforskarar hadde problem med å finne den same effekten av Mozart som den første gruppa fann. Særleg eitt stykke blir trekt fram: K448. Nokre meiner at dette stykket harmonerer særskilt godt med kroppens eigne rytmar, som hjernebølger og puls. Fleire mindre studiar viser også at dette stykket kan ha ei god effekt på ein viss type epilepsi som vanskeleg lar seg behandle av vanleg epilepsimedisin. Men summa summarum kan ein ikkje konkludere med at Mozart gjer deg smartare, men musikkundervisning generelt ser ut til å kunne gjer små born smartare. Ikkje så rart kanskje, når ein veit at små born blir smartare av å lære. (Nordengen, 2017, s.138) Nettopp av den grunn ser eg på det som viktig at born får moglegheita til å lære. Sjølv om læring generelt er utviklande, vil ein gjennom musikkopplæring også kunne vise kjensler, tileigne seg kunnskap, og uttrykke seg på ein måte ein ikkje kan med orda aleine.

Hansen (2020) kjem i slutten av si bok med gode råd i ein digital tidsalder, og nokre av desse er: kartlegging av mobilbruk (av både born og vaksne). Bruk ein app som kartleggjer kor ofte ein tar opp mobilen, og kva ein brukar tida på. Innsikt er første skritt til endring. Han kjem også med råd om å ha mobilen avslått ein time eller to om dagen, samt nytte armbandsur som klokke. (Hansen, 2020, s.162) Dette med å leggje bort mobilen i ein øvingssituasjon er noko eg veit at samtlege av mine intervjukandidatar har testa ut med ulikt hell. Nokre har rutinar med å legge den under stolen, medan andre har rutinar på innsamling av mobil under øvinga, på same

måte som i klasserommet. Fleire argumenterte med at det å få mobilen heilt ute av syne førte til betre konsentrasjon og samhandlingar mellom musikantane. Konsentrasjonen vart betra under sjølve øvingsøkta, og det sosiale miljøet i pausane vart styrka når ikkje mobilen var i nærleiken, eller i same rom. Hansen (2020) skriv også at dersom du jobber med noko konsentrasjonskrevjande, må du ikkje ha mobilen ved sidan av deg, men leggje den i eit anna rom (Hansen, 2020, s.162). Heilt til slutt må vi i følgje Hansen (2020) gå foran som eit godt eksempel. Vi lærer gjennom å ta etter kvarandre. Born gjer som du gjer, ikkje som du seier at dei skal gjere (Hansen, 2020, s.163). Akkurat dette utsegnet var noko samtlege av mine intervjukandidatar hadde tenkt gjennom, og gjennomførte etter beste evne i møtet med musikantane i sine respektive skulekorps. Det får meg til å tenke at desse musikantane er heldige som møter dedikerte og bevisste vaksne, som ønsker å vere gode førebilete for musikantane sine.

## **5.0: Oppsummering og etiske refleksjonar**

Denne masteroppgåva har tittelen *Korleis Opplev seks Erfarne Korpsdirigenter Borns Evne til Fokus og Konsentrasjon i Musikalske Samspelssituasjoner i lys av Digitale Samfunnsstrukturelle Endringar?* Eg har gjennom kvalitativ forskning intervjuet seks skulekorpsdirigentar og fått høyre deira erfaring. Samtlege av dei seks dirigentane ser ei endring i samfunnet, og ei endring i borns evne til å halde fokus og konsentrasjon i samspelsituasjonen. Eg har tatt utgangspunkt i forskningsspørsmålet *Korleis opplev dagens skulekorpsdirigentar borns evne til fokus og konsentrasjon i samspel med andre?* Her har eg fått høyre erfaringa dirigentane har gjort seg, og korleis dei tilpassar undervisninga si. Fire klare funn utpeika seg i løpet av analysa, og desse fire funna vart diskutert og reflektert i diskusjonskapitelet. I tillegg til dei fire funna som var trekt fram, har eg også fått høyre om korleis dirigentane må halde eit høgare tempo enn tidlegare i undervisninga si, og hyppigare skifte av musikkstykke eller aktivitet for å halde på konsentrasjonen til musikantane sine. Alle intervjukandidatane mine ser ei klar endring, og fleire av dei nemner også den digitale påverknaden som ein klar grunn til denne endringa.

Set eg teorien eg har funne i samanheng med det intervjukandidatane mine snakka om, kan ein heilt klart sjå tendensane i samfunnet, og kanskje også forklaringa? Små born og unge menneske har konstant tilgang til heile verda med berre eit tastetrykk. Eg tenker at det er liten tvil om at det digitale påverkar oss i større grad enn vi kanskje tenker og innser, og når forskinga viser det den gjer i forhold til konsentrasjon, kreativitet, og djupare tenking, har vi etter mi

meining all grunn til å vere kritiske til det heildigitale samfunnet, den heildigitale skulen, og til den barnevakta som gaming kan vere.

Eg er klar over at eg i denne oppgåva kan verke særdeles kritisk til det digitale, men ønsker å presisere at sjølv om eg har hatt denne vinklinga i forskinga mi, ser eg også alle fordelane den digitale tilgangen gir oss. Det digitale har gitt oss fantastiske moglegheiter på så mange plan, og i musikkssamanheng kan eg nemne blant anna: moglegheit til å streame og lytte til musikk frå heile verda, lære nytt repertoar raskare (lytte til innspelningar samtidig som ein kan lese notebiletet), finne repertoar og dyktige utøvarar på sitt instrument om ein ønsker det, skrive musikk i digitale noteprogram (til dømes Sibelius og Finale), komponere musikk med lyd og bilete (til dømes Pro Tools, Reaper, Logic), ha digitale speletimer via Zoom eller Teams (som under pandemien), sende og bestille lydfiler og noter. Youtube har også ein funksjon kor ein kan sette ned tempoet i ein innstuderingssituasjon, og mange unge har i dag Mac som «hovudinstrument» på vidaregåande skule. Dette i tillegg til å ha verktøy som metronom og tuner lett tilgjengeleg til ei kvar tid på telefonen. Det er ingen tvil om at det digitale har gitt oss mange nyttige moglegheiter og fordelar enn tidlegare, noko også intervjukandidatane mine påpeika. Det eg ønsker å få fram er at det er viktig å vere kritisk og finne ein balanse, og at vi kanskje meir enn nokon gong tidlegare bør og må legge til rette for aktivitetar som krev noko av oss, og som inneber terping og uthald, som eit alternativ til den digitale verda vi oppheld oss i store delar av dagen.

I dette forskingsprosjektet har eg ikkje møtt etiske utfordringar knytt til elever eller namn som kan kjennast igjen. Intervjukandidatane mine er heller ikkje namngitt, men då korps-Noreg ikkje er så stort, kan dei risikere at dei blir kjende igjen grunna arbeidsstad og arbeidstipe. Dette vart intervjukandidatane mine informerte om i forkant av intervjurunden, men ingen av dei såg på dette som eit problem. Eg nemner også eigne born og elever i løpet av teksten min, men i ein generell samanheng og utan namn. Ei av utfordringane rundt forskinga mi, kan vere at eg har hatt klare tankar om emnet mitt i førekant, og at det kan ha påverka mine val av intervjukandidatar. Eg har blant anna stilt meg sjølv spørsmål om eg valte intervjukandidatar eg tenkte ville gi meg dei svara eg var ute etter, eller er det slik at vi som underviser og jobbar på denne måten har nokolunde same verdisyn og tankegong? Dette vil eg kanskje aldri få eit ordentleg svar på, men hensikta mi var å finne intervjukandidatar eg visste hadde mykje erfaring, og at det var dirigentar eg visste hadde gjort sine refleksjonar rundt eigen undervisning, samspel, korps og utdanning. Teamet vart ikkje diskutert med intervjukandidatane i førekant av intervjuet, men ut i frå resultata dei har oppnådd i karriera si, visste eg at dette er menneske som er særdeles bevisste på kva dei held på med. I vårt langstrakte

land er det store skilnadar på kva tilgang korpsa har til utdanna lærekrefter, utdanningsnivået til musikantane sine foreldre, og ulike tradisjonar og forventningar. I tillegg spelar økonomien til både foreldre og korps inn i korleis organisasjonane blir drivne. Enkelte stader er det mykje foreldredugnad som må til for å halde skulekorpset i gong, medan andre stader betalar ein seg ut av det. Ut i frå intervjuet eg har gjort har eg sett at det er store forskjellar i kva det kostar ein familie å ha eit eller fleire born i korps. Eg tenker at begge deler, både dugnad og økonomi kan ha ei påverknad på om foreldre lar sine born spele i korps. Enkelte foreldre ønsker heller å kjøpe seg ut, enn å bidra ved dugnad, medan andre familiar har ein meir anstrengt økonomi og glade for at det lokale korpset kan gi tilbod til ein overkommeleg sum. Eg har sjølv både sett og erfart dette som dirigent og styremedlem. Prisskilnadane frå korps til korps kan variere mykje, og vil i nokre tilfelle ha ein påverknad på kva familiar som vel å la bornet sitt spele i korps. Ein kan, til dømes, her i Bergen sjå bydelar med høg andel høgt utdanna foreldre, som gjerne betalar dyrt for god samspelstilbod med profesjonell instruksjon, og ein vil kunne møte familiar som ikkje har økonomiske moglegheiter til det same.

Eg har også i denne oppgåva henta ein del litteratur frå boka *Stolen Focus* (2022), og i Morgenbladet kan ein lese ein ganske hard kritikk av forfattaren sin framgangsmåte, kor kritikaren antyd at fleire av Hari sine faktaopplysningar kan løysast opp ved nærmare ettersyn. Kritikken går blant anna på at sjølv om forfattaren nytta seg sjølv som eksperiment, og har oppsøkt fleire høgt utdanna forskarar på området, manglar han likevel vilje til å sette seg inn i relevant forskning. Kritikaren heiter Espen Ytreberg, og er professor i medievitenskap ved Universitetet i Oslo. Han meiner også at boka har klare avgrensingar som blant anna polemisk forenkling (Ytreberg, 2023). Polemikk forklarast som ein diskusjon, eller argumentasjon, utan ønske om gjensidig forståing mellom partane. Polemikk kan også bety munnleg eller skriftleg angrep eller kritikk (Nilstun, 2020). Kritikaren viser også til Hari si tvilsame bruk av forskning, og at nokre av resultatane ikkje er vitenskapleg publisert. Kritikaren skriv at frå eit forskningssynspunkt bør opplevingane av konsentrasjonstap i utgangspunktet vere like legitime som dei positive medieopplevingane. Men sjølv innrømm kritikaren at han kan falle ut av ei bok på ein annan måte enn det han gjorde før (Ytreberg, 2020).

Med dette vil eg avslutte, og håper at denne masteroppgåva kan bidra til at fleire ser viktigheita av å spele eit instrument og utøve musikk. Eg ønsker at vi (samfunnet) nyttar dei fantastiske digitale moglegheitene og verktøya vi har, på ein balansert og kritisk måte. Sjølv jobba eg som pedagog i ungdomsskulen då skulane i mi heimkommune vart heildigitale, og eg såg med stor uro på at hundrevis av lærebøker vart kasta. Dette var i 2017, og allereie den gong stilte eg spørsmål med den radikale endringa som vart utført innafor eit svært begrensa tidsrom.

Sjølv om eg fryda meg over alle dei nye digitale løysingane, kjende eg også på ei uro over at endringa kom så fort og ukritisk. Eg er glad for no å kunne lese at mange med meg ønsker meir forskning på langtidskonsekvensane av skjermbruk i skulen, og at akkurat dette vil få større fokus både på Stortinget og i Regjeringa. No som skulen er heildigital, meiner eg det er urovekkande at også fritida for mange er heildigital, og tenkjer at aktivitetar innanfor kultur og idrett blir meir viktig enn nokon gong. Eg ønsker også å bidra til at verdien av dei praktisk estetiske faga i skulen kan bli styrka, og at vi blir flinkare til å forstå og balansere den digitale tilgangen på ein god og konstruktiv måte i framtida. Det digitale er kome for å bli, og kanskje kan vi klare å utnytte dette på ein måte som gir oss alle dei fantastiske moglegheitane som følgjer med, samtidig som at vi også er bevisste på å vere til stade her og no, og tar vare på dei ferdigheitene som vi også treng for å kunne vere eit heilt menneske.



## Litteraturliste

- Backmann.T.E. (2020). *Å finne en balanse*. [Masteroppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Braun, V. & Clarke, V. (2008). Bruke tematisk analyse i psykologi. Kvalitativ forskning i psykologi, Routledge, bind 3 (2006).  
<https://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1191/1478088706qp063oa>
- Brean, A. & Skeie, G.O. (2021). *Musikk & hjernen* (1.utg.). Cappelen Damm.
- Bredesen.E.M.S. (2016). *Et vellykket skolekorps? Ulike aktørers forståelse av det gode korps*. [Masteroppgåve]. Norges Musikkhøgskole, Oslo.
- Bården.H.(2017). *A ethnographic case study of a multiple award-winning school brass band in Bergen, Norway*. [Masteroppgåve]. Høgskulen på Vestlandet.
- Borchgrevink-Brækhus.M. (2019). *Klikkets betydning*. [Masteroppgåve]. Universitetet i Bergen.
- Diseth, Å. (2020). *Indre og ytre motivasjon for læring er ikke nødvendigvis motsetninger*. Norsk Lektorlag
- EGGE, K.K.(2018). *Strategisk læring i musikk. "Øving er... noe jeg burde gjort"*. En kvalitativ studie av musikkelevens egen øving. (Masteroppgåve). Høgskolen i Innlandet.
- EGGEBO, H. (2021). *Tematisk analyse - metodeartikkelen som løyer alt*. Akademisk arbeid.  
<https://helgaeggebo.no/tematisk-analyse-metodeartikkelen-som-loyer-alt/>
- Eige arbeid. (2022). *Arbeidskrav 3*. Nord Universitet, Levanger.
- Enli, G. (2021). Digitale forstyrrelser. *Nytt norsk tidsskrift*, 1-2/2021, årg.38 s.19.
- Furnes.E. (2022). *Spillifisering av formell øving på instrument*. [Masteroppgåve]. NTNU.
- Fors. E.S. (2014). *Jeg skal aldri slutte!* [Masteroppgåve]. NTNU.
- Hansen, A. (2020). *Skjermhjernen* (1.utg.). Cappelen Damm.
- Hari, J. (2023). *Stolen Focus*. Bloomsbury Publishing.
- Imsen, G. (2003). *Elevenes verden* (3.utg.). Universitetsforlaget.
- Imsen, G. (2005). Den proksimale utviklingssonen [Illustrasjon]. Elevenes verden. Universitetsforlaget.
- Krogtoft, M. & Sjøvoll, J. (2018). *Masteroppgaven i lærerutdanninga* (2.utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Kvåle, S. & Brinkmann, S. (2021). *Det kvalitative forskningsintervju* (3.utg.). Gyldendal.
- NAOB. (2023). Det norske akademis ordbok. stayer (substantiv).  
<https://naob.no/ordbok/stayer>
- Nickelsen, T. (2021). Elevenes leseforståelse er redusert: Å lese på skjerm gir mindre læring.

- Forskningsmagasinet Apollon. Elevenes leseforståelse er redusert: Å lese på skjerm gir mindre læring - Apollon (uio.no)*
- Nilstun, C. (2020) ordforklaringer (fremmedord og lånord). <https://snl.no/polemikk>
- Nordbø, B. (2020) fokus (fremmedord og lånord). <https://snl.no/fokus>
- Nottingham, J. (u.å.). Challenging Learning [Illustrasjon]. Vitenparken, Campus Ås. <https://vitenparken.no/skolehage/p4c->
- Nordengen, K. (2017). *Hjernen er stjernen* (1.utg.). Kagge Forlag AS.
- Popadic.C. (2013). *Oppfattet kvalitet i skolekorps i Telemark. Faktorer som har mest innvirkning på tilfredshet med å spille i korps*. [Masteroppgåve]. Norges Musikkhøgskole.
- Slaaen. (2023). Pressemelding. [Regjeringen vil vite mer om konsekvensene av barns skjermbruk - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/Pressemeldinger/2023/02/10/Regjeringen-vil-vite-mer-om-konsekvensene-av-barns-skjermbruk-/)
- Sander.K. (2022). Fenomenologi og fenomenologisk design/analyse. Hentet fra: [estudie.no](https://estudie.no/fenomenologisk-design/)
- Svartdal, F. (2021) multitasking (psykologi). <https://snl.no/multitasking>
- Svartdal, F. (2020) konsentrasjon (psykologi). [https://snl.no/konsentrasjon\\_-\\_psykologi](https://snl.no/konsentrasjon_-_psykologi)
- Utdanningsdirektoratet. (2020). Overordnet del - verdier og prinsipper for grunnopplæringen. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>
- Varkøy, Ø. (2015) *Hvorfor musikk* (3.utg.). Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Varkøy, Ø. & Holm, H. (2020). *Musikkfilosofiske tekster* (1.utg.). Cappelen Damm Akademisk
- Vitenparken (u.å.). P4C - Philosophy for Children. <https://vitenparken.no/skolehage/p4c-philosophy-for-children/>
- Ytreberg.E. (2023) Flere av Johann Haris spektakulære faktaeksempler løser seg opp ved nærmere ettersyn. Morgenbladet. <https://www.morgenbladet.no/ideer/kommentar/2023/02/10/flere-av-johann-haris-spektakulaere-faktaeksempler-loser-seg-opp-ved-naermere-ettersyn/#skip-nav>

## INTERVJUGUIDE

	Spørsmål	Oppfølgingsspørsmål
1.	Merker du en endring i barns evne til fokus og konsentrasjon?	Hvis ja: hvorfor tror du er er sånn?
2.	Opplever du at det er færre/flere som prioriterer å bruke tid på egenøving/instrumentet sitt?	Hva tror du er grunnen?
3.	Tror du mye skjermbruk/digital tilgang har påvirkning på barns evne til konsentrasjon?	Hvorfor?
4.	Tror du digital tilgang er en medvirkningsfaktor til at barn velger bort egenøving og samspill?	
5.	Har "statusen"/stoltheten endra seg i forhold til det å spille i korps før og nå?	
6.	Dirigenten kan være en rollemodell. Tenker du selv på hvor mye du bruker telefon/nettbrett på skolekorpsøvingen foran musikantene?	Er dette et bevisst valg?
7.	Merker du som dirigent noen positive effekter ved barns tilgang til digitale medier, i forbindelse med det å spille et instrument, eller i samspill med andre?  (konsentrasjon, lesing, samarbeid, forstå et notebilde, orienteringsevne etc)	Hvis ja: utdyp Hvis nei: utdyp

## **INFORMASJONSSKRIV SAMTYKKE**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskningsprosjekt der føremålet er å finne ut om skulekorpsdirigenten opplev ei endring i barns evne til å halde fokus og konsentrasjon. I dette skrivet gjev eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva ei deltaking vil innebere for deg.

### **Føremål**

I masteroppgåva mi ønsker eg å undersøke korleis mykje- og langvarig skjermbruk påverker fokus og konsentrasjon blant born og unge, og kva dette kan få å seie for evna til å utøve aktiviteter som krev fokus, konsentrasjon og stayerevne. Aktiviteten eg i dette tilfellet ønsker å fokusere på er å spele eit instrument, med alt det inneber av øving, terping og uthald. Å lære seg ferdigheiter som dette er noko som krev høg grad av fokus og konsentrasjon over tid. Store deler av undervisning - og heimearbeid i skulen er via skjerm, og mange av oss har fleire timar på sosiale media, eller med ulike spel og liknande etterpå. Dataspel og sosiale medier kan gi rask tilgong til belønningshormonet dopamin, kva då med aktiviteter som krev meir langsiktig arbeid. Eg ønsker å intervju 6 stk erfarne skulekorpsdirigenter, om korleis dei opplev endringa i samfunnet, og korleis dei motiverer sine elever og seg sjølv til øving mot langsiktige mål.

### **Kven er ansvarleg for prosjektet**

Nord Universitet, avd. Levanger

### **Kvifor får du spørsmål om å delta**

Du er spurt om å delta fordi du har lang erfaring som skulekorpsdirigenter, og fordi eg ønsker å høyre om du ser ei endring i barns evne til å halde fokus og konsentrasjon over tid. Eg ønsker å høyre kva du tenker om borns evne til å halde ut ein aktivitet som krev stayerevne og uthald.

### **Kva inneber det for deg å delta**

Dersom du vel å delta i prosjektet inneber det at eg vil kontakte deg for eit intervju, enten ved fysisk oppmøte, eller via Teams. Det vil ta deg ca 45 minutt. Eg kjem til å notere ned svara dine.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysningane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern - korleis vi oppbevarar og brukar opplysningane dine**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane kofidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Ved Nord Universitet vil underteikna og rettleiar Ola Buan Øien ha tilgong til opplysningane.

I oppgåva vil eg nytte “intervjukandidatar”, ikkje namn/kjønn på kandidatane som blir intervjua.

### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskningsprosjektet?**

Opplysningane blir anonymiserte når oppgåva er godkjend, noko som etter planen er medio juni - 23. Alle opplysningar vil då bli sletta.

### **Kva gjev oss rett til å behandla personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningane om deg basert på samtykket ditt. På oppdrag frå Nord Universitet har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

#### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til

- innsyn i kva opplysningar vi behandlar om deg, og å få utlevert kopi av opplysningane,
- å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysningar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønsker å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

Nord Universitet

Masterstudent: Siri Godø Wiik, tlf.95753745, [siri.g.wiik@student.nord.no](mailto:siri.g.wiik@student.nord.no)

Rettleiar: Ola Buan Øien, [ola.b.oien@nord.no](mailto:ola.b.oien@nord.no)

Vårt personvernombod: Toril Irene Kringen, 74022750, [toril.i.kringen@nord.no](mailto:toril.i.kringen@nord.no)

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på epost ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 53 21 15 00

Vennleg helsing

Siri Godø Wiik

---

## **SAMTYKKEERKLÆRING**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet “Opplev skulekorpsdirigenten ei endring i barns evne til fokus og konsentrasjon?” og fått høve til å stille spørsmål.

Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at Siri Godø Wiik kan gje opplysningar til meg om prosjektet
- at opplysningane om meg kan behandlast inn til prosjektet er avslutta

---

(signert av prosjektdeltakar, dato)